

Årsrapport 2012



DEN NORSKE KIRKE
Agder og Telemark bispedømme

Innhold

1. Situasjonen i bispedømmet	2
1.1 Tilstandsrapport	2
1.2. Bispedømmerådet sitt arbeid	5
2. Prestetenesta	6
2.1. Hovudmål for prestetenesta	6
2.2. Leiing av prestetenesta	8
2.3. Arbeidsvilkåra for prestane	9
2.4. Kompetanseutvikling	10
2.5. Likestilling	11
3. Kyrkjeleg sektor	12
3.1. Utviklinga i kyrkjestatistikken	12
3.2. Gudstenestereforma	15
3.3. Arbeid for ungdom	16
3.4. Trusopplæringa	18
3.5. Diakoni	20
3.6. Kultur	22
3.7. Arbeid med økt samarbeid	24
3.8. Andre område	26
4 Forvaltning	30
4.1 Økonomisk resultat	30
4.2 Godkjenningssaker.	31

Agder og Telemark bispedømmeråd
Postboks 208, 4662 Kristiansand •
Telefon 38 10 51 20 • Faks 38 10 51 21
E-post: agder.bdr@kirken.no •
Hjemmeside: www.kirken.no/agder
Ansvarlig redaktør: Tormod
Stene Hansen

Foto på forsida: Utenfor Oddernes
kirke. (Foto: Karen Kilane)

1. Situasjonen i bispedømmet



Olav Skjevesland under avskjeds gudstenesta i domkyrkja etter 13 år som biskop i Agder og Telemark . (Foto: Dag Kvarstein)

1.1 Tilstandsrapport - ei generell vurdering av ståa i bispedømmet

1.1.1. Innleiing

Agder og Telemark bispedømmeråd og biskop har, med grunnlag i kyrka sine overordna mål vedteke sin visjon for Agder og Telemark bispedømme for perioden 2010-2012:

Nær troens kilder – nær dagens mennesker.

I perioden 2010 til 2012 har bispedømmerådet gjort vedtak om at hovudfokus i arbeidet vårt skal være: Medarbeidarskap, trosopplæring og gudstenesteutvikling."

I bispedømmet sin virksomhetsplan for 2012 har vi lagt til grunn hovudmålet for regjeringa sin kyrkjepolitikk slik det går fram av Fornyings, administrasjons- og kyrkjedepartementet sitt tildelingsbrev for 2012 der det m.a. står:

"Den norske kirke skal være en landsdekkende, lokalt forankret kirke, som inviterer mennesker i alle aldre og alle livssituasjoner til tro og fellesskap. Kirken skal bidra til å styrke lokalsamfunn, målbære menneskeverdet og utfordre til solidaritet.

Bevilgningene under kapitlet skal understøtte Kirkemøtets mål for Den norske kirke som

en bekjennende, misjonerende, tjenende og åpen folkekirke."

Med dette som utgangspunkt og med basis i tildeling frå Fornyings- administrasjons- og kyrkjedepartementet, samt mål og styringsparameter fastsett av Kyrkjerådet, har bispedømmerådet i møte 25.april 2012 vedteke plan for verksemda i Agder og Telemark bispedømme for 2012.

1.1.2. Gudstenesta

Ny ordning for gudstenesta vart vedteken på Kyrkjemøtet i 2011. Agder og Telemark bispedømme har hatt ei omfattande prøvordning og har i 2012 arbeidd med å innføre nyordningane permanent. Mange kyrkjelydar har gjort forsøk som har gått utover det liturgireforma gir rom for. Eit stort engasjement for fornying og lokal tilpassing av gudstenesta, er positivt. Det er likevel naudsynt å halde seg innafør det rammene som no er sett for gudstenesteordninga. Ein del søknader om ny gudstenesteordning har derfor blitt sendt tilbake for ny gjennomgang i kyrkjelydane før biskopen har godkjent dei. Mange har bedt om utsetjing for å

kunne gjennomføre ein god prosess i kyrkjelydane.

Tala om oppslutnad i gudstenesta (se tabell side 12) viser ein liten nedgang frå 2011, men vi ligg fortsatt høgare en 2009 og 2010. Talet for 2012 viser ei meir stabil utvikling, medan det ekstra høge talet i 2011 òg kan vere ein effekt av 22. juli.

1.1.3. Demokratireforma.

I januar og februar vart det halde strategikurs for sokneråda i alle prosti. Det var godt frammøte på kursa som hadde fokus på dei kyrkjelege reformene og med oppmoding til sokneråda om å tenkje heilskap i planlegging av kyrkjelydane si verksemd. I samband med soknerådskursa blei det utforma eit eige studiehefte. Dette er eit vedlegg til årsmeldinga. Ei grundig opplæring av sokneråda ser vi på som eit viktig strategisk arbeid for fornying i kyrkja. Det har i samband med handsaming av refleksjonsdokumentet om framtidig ordning for kyrkja, vore arrangert møte for sokneråd og tilsette i alle prosti. Prostar og kyrkjevevjar hadde ansvaret for desse møta.

1.1.4. Trosopplæringsreforma.

Innføring av trusopplæringsreforma er kome godt i gang i bispedømmet. I 2012 hadde alle sokna i 7 av 11 prosti fått løyvingar. Prosjektperioden har vore prega av aktivitetar for å synleggjere arbeidet, og fokus var då: «Å få mange med.» Med andre ord større fokus på kvantitet enn kvalitet. No har ein kome over i ein fase med utarbeiding og godkjenning av planar. 37 sokn har levert og fått godkjent plan for trusopplæring. Krava er no annleis enn i startfasen. Vi set høge krav til systematikk, samanheng og innhald, og kyrkjelydane svarar på det vi forventar. Vi ser at planane har stort fokus på læring. Dei aktivitetane som for nokre år sidan hadde lite gjennomtenkt innhald, får no ein ny giv og blir fylt med trusinnhald.

Til dømes legg biskopen i godkjenningsarbeidet vekt på at alle aktivitetar skal ha konkrete bibelvers som skal formidlast. Balanse mellom 1. 2. og 3. trusartikkel har og vore eit fokus. Det skal ikkje berre vere Jesus-forteljingar. Gud skaparen og Den Heilage Anden skal òg ha plass i formidlinga. Ei anna viktig påminning er at trusformidlinga ikkje berre er læresetningar som skal gjengjevast. Å få oppleve eit godt kristent fellesskap, og

der å leve ut trua i praksis, er òg ein viktig innhaldsbit i trusopplæringsplanane. Vi er trygge på at innhaldsdimensjonen i trusopplæringa blir godt tatt hand om ettersom alle med tida skal levere ein lokal plan til godkjenning hos biskopen.

1.1.5. Personal- og ressursituasjonen.

Fleire sokn har bedt bispedømmerådet om auka presteressursar. Frå enkelte område vert det meldt at situasjonen er slik at prestane i liten grad har tid til å drive med anna enn konfirmantarbeid, kyrkjelege handlingar og gudstenester. Bispedømmerådet har ikkje ekstra ressursar til å opprette nye stillingar. Enkelte sokn har difor på eiga hand gjennom innsamlingar og i samarbeid med kommunar og fellesråd, oppretta lokalfinansierte stillingar. I Agder og Telemark bispedømme er det no 12 slike prestestillingar. I 2012 har vi gjennomført ei lokal evaluering av tenesteordningane for prestar. Med dette som grunnlag har vi starta ein gjennomgang av prestatenesta for å sjå på arbeids- og ressursfordeling. Vi vil over tid ta for oss alle prostia og har starta i Lister prosti. Resultatet av denne gjennomgangen var overføring av prestateneste frå område med få folk til meir tettfolka område.

På bemannings- og ressursida må vi òg nemne finansiering av og rekruttering til diakon- og kateketstillingar. Her er mange stillingar med lokal finansiering gjennom frivillige gaver. Det å auke nivået på gåveinntektene i tråd med lønsutviklinga, er ei utfordring. Resultatet er at stillingar har blitt reduserte eller avvikla i samband med vakanse. Ei særleg stor utfordring er det når medarbeidarar i stillingar med gåvefinansiering går av med AFP. Sokna kan då få årlege ekstraavgifter på kr 100.000 eller meir. Dette gjeld òg stillingar finansierte med statstilskott. Det er naudsynt at kyrkja sine organ i fellesskap finn fram til ordningar for å løyse desse utfordringane.

Det er òg ei utfordring å sikre rekrutteringa til kateketstillingar. Kyrkjemøtet har vedteke høge kvalifikasjonskrav for tilsetting. Få har slike kvalifikasjonar, det er derfor få eller ingen søkjarar til slike stillingar. Fellesråda må difor tilsette medarbeidarar som ikkje fyller kvalifikasjonskrava dersom det i det heile er søkarar. Dette får igjen konsekvensar

for utbetaling av fullt statstilskott og skaper utfordringar i høve til finansiering av stillingane.

1.1.6. Personalområdet for øvrig

Etatsstatistikken viser at meir enn ein tredel av prestane i bispedømmet er over 60 år. Dette er høgast i landet. Det gjer seg også utslag i stor turnover og mange tilsetingar. I samband med rekruttering ser ein òg at det er få kvinner som søker prestestillingar i vårt bispedømme, med det resultat at talet på kvinnelege prestar er redusert i 2012. Bispedømmet sitt rekrutteringsprosjekt meisterlære har fått god mottaking, men ein må no sjå på korleis ein kan auke rekrutteringa av kvinner.

Bispedømmet fekk særskilte løyvingar til oppfølging av 22. juli. Midlane vart nytta til temadagar om krise og krisehandtering for prestar diakonar og andre kyrkjeleg tilsette. Som følgje av 22. juli har Kyrkerådet utarbeidd ny mal for beredskapsplan for kyrkja. Hausten 2012 har ein arbeid med utforming av regionale og lokale beredskapsplanar i bispedømmet med sikte på godkjenning i bispedømmerådet tidlig i 2013. Ei viktig endring i dei nye planane er å styrkje prostane si rolle som koordinatorar i samband med krisehandtering. Det må samstundes etablerast samarbeidsavtalar med fellesråda for å få til ei godt samarbeid i den lokale kyrkja når krisesituasjonar ramar.

1.1.7. Bispeskiftet.

Ei stor og viktig hending i 2012 har vore bispeskiftet. Biskop Olav Skjevesland søkte hausten 2011 om avskjed. Bispedømmerådet gjorde då vedtak om å vente med å starte prosessen med nominasjon av ny biskop til Stortinget hadde gjort vedtak om overføring av tilsetting av biskopar til Kyrkerådet. FAD ga si tilslutning til dette. Lovendingane skjedde om lag på same tid som Skjevesland slutta i stillinga 31. mai. Medan nominasjons- og tilsettingsprosessen pågjekk hausten 2012, var domprost Bjarne Sveinal fungerande biskop.

Grunna bispeskiftet var det berre ein visitas i 2012. Det var ingen ordinasjonar. To diakonar ble vigsla i 2012, Anne Eidjord i Randesund kyrkje og Torun Skifjeld i Skien kyrkje.

Vinteren og våren 2012 var det planlagt

ein avskjedsrunde der biskop Skjevesland ville møte tilsette og sokneråd i alle prostia. Han fekk hjarteinfarkt i februar og var sjukemeldt i om lag ein måned. Etter sjukemeldinga heldt han fram med vitjinga i prostia. Første pinsedag var det avskjedsgudsteneste i for biskop Skjevesland i Kristiansand Domkyrkje der mellom anna leiarar frå kyrkjeliv og samfunnsliv var til stades.

Vårt vennskapsbispedømme i Kamerun var også representert med biskop Danladi.

Bispedømmerådet starta planlegginga av nominasjon i februar. Fordi dette var første biskop i Den norske kyrkja som var tilsett av Kyrkjerådet, har det vore nødvendig å gjere endringar og tilpassingar av tidlegare prosedyrar. Tilsetting av biskop i Agder og Telemark har derfor på mange måtar vore å gå opp nye spor. Dei erfaringane som vi har fått under vegs, vil vere viktig materiale for planlegging av framtidige tilsettingar av biskopar.

Mange svara nei til å la seg nominere til biskop, og det er særleg vanskeleg å få kvinner til å takke ja. Det er viktig å rekruttere gode kandidatar til bispeembeta. Kyrkjerådet og bispemøtet bør difor vurdere korleis dette kan bli meir attraktivt, særleg blant kvinner.

Det kom ikkje inn forslag på kandidatar gjennom nyordninga med supplerande nominasjon. Dette kan tolkast som at bispedømmerådet lukkast med å nominere kandidatar som representerte



På biletet: Domprost Bjarne Sveinall og diakon i Skien Torun Skifjeld

breidda i kyrkjelandskapet. Ordninga med supplerande nominasjon bør nok likevel halde fram som høve til å spele inn andre kandidatar.

Ei utfordring er å gje god nok informasjon om kandidatane i samband med avstemminga. Ein biskop er en viktig symbolberar, og kandidatane sine haldningar og kvalifikasjonar, er difor viktig å få formidla på ein balansert måte.

Stein Reinertsen vart tilsett av Kyrkjerådet 7. desember. I nominasjons- og tilsettingsprosessen hadde han brei støtte frå sokneråd og bispedømmeråd. Til

tross for nyordninga med supplerande nominasjon, kunne tilsettinga skje berre 4 månader etter at bispedømmerådet hadde starta nominasjonsprosessen. Førebuinga av tilsettinga var soleis gjort så effektivt som mogleg.

Mediepresset i samband med tilsettinga var formidabel, medan det til tider var utfordrande å få media på banen i samband med nominasjonsprosessen. Arbeidet med mediestrategi og god skoloring av kandidatane i forhold til å møte media er viktig framover.

Med utgangspunkt i nyordninga for tilsetting av biskop og dei erfaringane ein no også har, kan det og vere behov for å gå igjennom rutinar og planer for vigsling av biskopar.



Leder av bispedømmerådet Jan Olav Olsen, stiftsdirektør Tormod Stene Hansen og assisterende direktør i Kirkerådet, Gerd Karen Røsæg under pressekonferansen der bispekandidatane ble presentert. (Foto: Dag Kvarstein)

1.2. Bispedømmerådet sitt arbeid



Agder og Telemark bispedømmeråd 2012 - 2015. F.f.v.: Øivind Benestad, Geir Ivar Bjerkestrand, Bergit Haugland, Berit Bjørnerud, Karen Junker. Bak f.v.: Martin Jakobsen, Olav Skjevesland, Jan Olav Olsen, Kjetil Drangsholt og Torstein Nordal (Foto: Geir Myre)

Agder og Telemark bispedømmeråd 2012 – 2015 konstituerte seg i møte 5. januar 2012, og valde Jan Olav Olsen til leiar og Karen Junker til nestleiar. Bispedømmerådet har i 2012 hatt 11 møte og har handsama 123 saker.

Den viktigaste saka som bispedømmerådet handsama i 2012, var nominasjon og tilsetjing av biskop. Bispedømmerådet behandla saker med tilknytning til bispeskifte i dei fleste møter i 2012, og ein syner til omtala av bispeskiftet i førre avsnitt.

I tillegg har bispedømmerådet handsama tilsetjingar, økonomisaker og fleire høyringssaker, mellom anna refleksjonsnotatet frå Kyrkjerådet i samband med ny kyrkjeordning. I 2012 har bispedømmerådet behandla 5 saker om fritak for buplikt, og ein ser at denne ordninga er i ferd med å skape meir uro i presteskapet. Det er òg gjort fleire vedtak om utlysning av prestestillingar utan buplikt.

Bispedømmerådet har lagt opp til å vere meir aktive i møte med kyrkjelydar, sokneråd og tilsette. Representantane har difor i større grad enn tidlegare delteke i lokale og regionale møte i kyrkjeleg samanheng. Mellom anna var bispedømmerådet representert på fleira av soknerådskursa, dei deltok på møter i samband med biskop Skjevesland sin avskjedsrunde til prostia og på regionale møter i samband med handsaminga

av refleksjonsnotatet om ny kyrkjeordning. Bispedømmerådet sin leiar var òg til stades på stiftsdagane for kyrkjelege tilsette. Rådet har hatt fellesmøte med ungdomsrådet og eit møte der Kyrkjias Naudhjelp orienterte om aktuelle spørsmål. I tillegg til dette har bispedømmerådet prøvd å vere representert ved innsetting av nye prestar.

Bispedømmerådet har i 2012 starta arbeidet med fornying av strategiplane, og i samband med det hadde vi besøk av Paul Erik Wirgenes frå Kyrkjerådet. Han hadde ei innleiing til samtale om aktuelle sentralkyrkjelege saker m/fokus på strategi og planlegging. Bispedømmerådet har òg drøfta strategiar i fellesmøte med prostane. Det var semje i bispedømmerådet om at den nye biskopen må ha ei sentral rolle i utforming av strategiar. Fullføring av arbeidet er derfor utsett til ny biskop er komen på plass.

I februar fekk bispedømmerådet ei oppmoding frå eit sokneråd om å utelate teksta «Kvinner oppmodas til å søkje», ved utlysning av ein prestestilling. Grunngevinga for dette var at det var ei stor overvekt av kvinner i staben i det aktuelle soknet.

Bispedømmerådet har hatt fokus på å få fleire kvinnelege prestar og gjorde difor, av prinsipielle grunnar, følgjande vedtak i saka: «Bispedømmerådet ønsker ikke å

utelate teksten «kvinner oppfordres til å søke» i utlysningsteksten ved ledige stillinger i Agder og Telemark bispedømme.»

I eit anna møte gjorde bispedømmerådet vedtak om at når det er kvalifiserte kvinnelege søkjarar til ei stilling, skal dei alltid innkallast til intervju. Bispedømmerådet har med andre ord hatt eit aktivt rolle i arbeidet med å auke delen av kvinner i presteneste i bispedømmet. I eiga sak handsama bispedømmerådet rutinar og kriterium for tilsetjing i prestestillingar.

Bispedømmerådet har òg gjort vedtak om å be Kyrkjerådet om å leggje fram sak til Kyrkjemøtet 2013 om bruk av oljefondet til beste for verdas fattige.

Eit tema som er drøfta i bispedømmerådet fleire gonger, er kvalifikasjonskrav og rekruttering av kateketar. Det er ei utfordring at det er få personar som fyller kvalifikasjonskrava for kateketar, med det resultat at fellesråda har store problem med å rekruttere kvalifiserte folk til kateketstillingane. Vi er òg kjent med at søkjartilfanget til kateketutdanninga er lågt. I samband med dette er det òg ei utfordring å finne ei god løysing på handteringa av statstilskotet til kateketar når det vert tilsett personar som ikkje fyller kvalifikasjonskrava for kateketar i desse stillingane.

2. Prestetenesta

2.1. Hovudmål for prestetenesta

Hovudmål for området.

«Hovedmålet for bevilgningene til prestetjenesten er at alle menigheter i Den Norske kirke skal ha fast geistlig betjening, slik at tjenesten er nærværende i alle lokalsamfunn. Prestetjenestens oppgave er å holde gudstjenester og forrette ved kirkelige handlinger, delta i dåps- og konfirmasjonsundervisning, utøve sjelesorg, forestå syke- og hjemmebesøk og ellers utøve forkynnende og menighetsbyggende arbeid.»

“Prest i Magen” sin stand under Music and Mission på Risøya.

Foto: Bjarne Sløgedal



2.1.1. Prestedekning og rekruttering

Mål for området:

Styringsparameter:	Resultatmål	Indikatorar:
Prestedekning	Alle kyrkjelydar i bispedømmet skal være betjent av ein eller fleire prestar	Talet på godkjente stillingar samanlikna med tidlegare år.
Rekruttering	Rekrutteringsprosjektet skal gjennomførast etter planen.	Talet på ledige prestestillingar i bispedømmet.

I planen for verksemda er rekrutteringssituasjonen omtala slik:

«I årsmeldinga er det peika på at rekrutteringssituasjonen har betra seg i 2011. Bispedømmet har ein høg gjennomsnittsalder for prestar og vil få stor turnover i tida som kjem. Det er difor viktig både å leggje til rette for ei god rekruttering og tiltak for å behalde dei yngre prestane våre. For på lang sikt å betre rekrutteringssituasjonen og behalde arbeidstakarar, er det viktig med tiltak som bidrar til gode arbeidsvilkår for prestetenest, og bispedømmet har difor sett i gang både eit langsiktig rekrutteringsprosjekt og eit livsfaseprosjekt.»

Faste presteårsverk 2009-2012

2009	2010	2011	2012
130	128	132	132

Det er i laupet av året oppretta ei ny stilling i Vest-Nedenes prosti, men 75% av stillinga er finansiert med gåveinntekter frå ein kyrkjelyd og dei resterande 25

Aldersfordeling

Aldersfordeling	Under 40 år		40 - 49år		50 - 59 år		Over 60 år	
	Antal	Pst.	Antal	Pst.	Antal	Pst.	Antal	Pst
Agder og Telemark	19	14 %	31	23 %	41	30 %	46	34 %
Heile landet	218	17 %	287	22 %	427	33 %	346	27 %

% er finansiert ved ny disponering av eksisterande stillingar. Det totale stillingstalet er difor det same. I Lister prosti har ein styrka bemanninga i Flekkefjord, mellom anna ved overføring av ressursar frå Sirdal sokn.

Talet på medlemmer per prest er gått ned frå 2543 i 2011, til 2480 i 2012. Det har ikkje skjedd endringar i talet på stillingar i 2012. Nedgangen må difor henge saman med endring i medlemstal.

Ingen stillingar har vore vakante i 2012, og ein har ikkje lyst ut nokre stillingar fleire gonger. I 2012 var det 12 tilsettingar

med til saman 96 søkjarar, dvs. 8 søkjarar per stilling. Tilgangen på søkarar har vore stabil frå tidlegare år, men vi har ein nedgang i talet på kvinnelege søkarar. Det blei tilsett 10 menn og 2 kvinner.

Tabellen *aldersfordeling* viser at talet på prestar over 60 år er høgt, medan talet på prestar under 40 år er lågt i vårt bispedømme. Det er derfor viktig å halde fram med rekrutteringsarbeidet som er sett i gang.

2.1.2. Rekrutteringsprosjekt

2012 har vore eit spanande år for presterekrutteringsprosjektet i Agder og Telemark bispedøme. Ansvarlege for prosjektet har vitja utdanningsinstitusjonane, med prosjektet «Mesterlære» - og ungdomsmiljø i bispedømet med prosjektet «Prest i magen?»

«Mesterlære» tilbyr studentar ein mentor og ei veke praksis pr. semester hos ein prest. Praksisveka blei plassert fritt i semesteret i samarbeid med institusjonane. «Mesterlære» er eit tilbod både til studentar som er i starten av studiet og til dei som går mot slutten.

«Mesterlære» har vore ein pådrivar i



samarbeidet mellom utdanningsinstitusjonane. Dette har vi særleg merka oss på Ansgarskolen og Det teologiske Menighetsfakultet. Programmet har og vore ei viktig påminning for studentar som ikkje heilt veit om dei skal bli prest eller ikkje. Tom Martin Berntsen har vore hovudansvarleg for «Mesterlære» og har hatt kontakt med studentane og mentorane.

«Prest i magen» er den andre delen av presterekrutteringa. Ungdomsrådgjevar Bjarne Sløgedal har vore hovudansvarleg. Klubbar og ungdomsmiljø er vitja. Det heng plakatar med kall til presteteneste rundt i desse miljøa, saman med ei brosjyre med beskriving av presteyrket og kontaktinformasjon. Under «Skjærgårds Music and Mission» på Risøya 3. – 8. juli 2012 og på «Arena» Krik-festivalen 7.-12. august i Kristiansand, hadde rekrutteringsprosjektet stand som veldig mange

vitja. Ein god måte å få samtale rundt framtidig yrkesval på, var å la ungdommar prøve ein prestekjole. 179 personar prøvde, og det gjorde noko med mange å sjå seg sjølv i prestekjole. I tillegg var fleire hundre innom standen. Kvar dag var det ein lokal prest tilstade. Prosjektet set presteyrket på kartet for ungdom frå heile landet som vitjar desse festivalane.

Presterekrutteringa har i samarbeid med kurset «Lær dem å lede» i Arendal arrangert ein ungdomstur til Oslo med besøk

på utdanningsinstitusjonane der. 14. april var vi tilstade i Kristiansand Domkyrkje på eit stort ungdomsmøte med om lag 500 – 600 ungdommar. Ein av dei ville med i «Mesterlæreprosjektet.»

Avslutningsvis er det rett å nemne at vi no ser ungdom kontakte oss om prosjektet.

2.1.3. Tenestefordeling.

Mål for området:

Styringsparameter:

Resultatmål

Indikatorar:

Jamnare tenestefordeling mellom prestane i prostia

Ha meir kunnskap om tenestefordeling og spesialisering i prestetenesta

Ingen utover gjennomført undersøking.

Tiltak i plan for verksemda: Gjennomføring av evalueringsrapport om tenesteordning og analyse av data.

I plan for verksemda for 2012 er det uttalt følgjande om dette området:

«Prestetenesta har på fleire måtar blitt endra dei siste åra. Nokre tiltak har vert gjort for å gje prestane betre arbeidsvilkår, medan andre kyrkjelege reformer som til dømes gudstenestereforma og trosopplæringsreforma har ført til endring i innhaldet i prestetenesta. I tillegg skjer det ei endring i busettingsmønsteret i bispedømmet ved at folketalet i dei indre bygdene blir lågare, medan folketalet i dei kystnære strøka aukar. Dette bidrar til auka press på prestetenesta i dei folkerike områda langs kysten. Det er behov for å evaluere tenesteordninga for prestar og for prostar. Både departementet og lokalt vert det arbeid med planar for ei slik evaluering. Ressursfordelinga mellom prostia og internt i prostia bør også vurderast nærare.»

Vidare er det under risikovurderingar omtalt:

«Det vurderes jevnlig å endre størrelsen på stillinger der det skjer endring i antall kirke-medlemmer. I tillegg er det i 2012 startet en gjennomgang av antall forordnede gudstjenester i hvert prosti, dette for å jevne ut arbeidsbyrden pr prest.»

Sidan hausten 2012 har det vore ein

gjennomgang i fleire prosti i bispedømmet med fokus på arbeidsfordeling blant prestane og bruk av tenesteordningar. Bakgrunnen for dette er mellom anna ei undersøking bispedømmet har gjort for å sjå på korleis tenestordningane vart nytta. Siktemålet med gjennomgangen er å få til ei best mulig fordeling av ressursane i prostiet. Det er nå gjort ei slik gjennomgang i 2 prosti, Lister og Vest-Nedenes. Nokre stader er det tale om små justeringar av arbeidsplanar, andre stader større endringar. Arbeidet held fram, og vi tek sikte på å ha avslutta denne gjennomgangen i løpet av 2013. Vi ser òg fram til å få resultatata av departementet si evaluering av tenesteordningane.

2.2. Leiing av prestetenesta

Mål for området		
Styringsparameter:	Resultatmål :	Indikatorar:
Styrke prestens rolle som leiar av prestetenesta	Styrke og gjere prostane meir medvitne som leiarar	Ingen utover gjennomførte tiltak
Tettare kollegasamarbeid og auka spesialisering	Ha meir kunnskap om tenestefordeling og spesialisering i prestetenesta	Talet på prestar som har spesialisert teneste

Tiltak i plan for verksemda til første post:

Bruke prostemøta og fagseminar til utvikling av prosterolla

I samband med risikovurderingar for området er det mellom anna uttalt:

«Det avholdes jevnlege prostemøter (4-5 pr år) der prostene dyktiggjøres innan personalledelse, økonomiforståelse og teologiske/kirkelige saker. Det er innført et databasert verktøy «Prostemodulen» der prestene og prosten sammen planlegger ukefri-, ferie- og andre fridager mv. Dette gir bedre styring med presteressursene, og hjelper samtidig prestene til å få tatt ut de rettmessige fridager og studiedager de har i løpet av året.»

Medarbeidarsamtalar

Medarbeidarsamtalar i prosent	
2011	2012
91,30 %	85 %

Tala viser en nedgang i prosentdelen av prestane som har hatt medarbeidar-samtalar med sin prost. Talet for 2012 er for lågt, og det må vere eit mål at alle prestar har medarbeidarsamtale med sin prost kvart år.

Spesialisering innafor prestetenesta						
	Gudstjenesteliv	Trosopplæring	Diakonalt arbeid	Ungdom	Sum	Prosent
2012	11	10	1	1	23	16%
2011					21	
2010					18	

Det at ein prest i kvart prosti får eit spesialansvar saman med ein annan fagperson, slik det har skjedd i høve til

gudstenesteliv og trusopplæring, har positive ringverknader. Det å utfordre dei teologiske fakulteta til å skreddarsy opplegg på vår bestilling, har gitt meirsmak. Det gjer at bispedømet no er i ferd med å utvikle nye prosjekt for etterutdanning av prestane saman med Universitet i Agder og Ansgar Teologiske Høgskule.

Som kontinuerleg leiarutdanning for prostane har kvart prostemøte dette året hatt fokus på prosterolla og prosten som personaleleiar. Blant anna har prostane drøfta spørsmål som: «Kvar går grensa mellom prosten si rolle i personalsaker og biskopen, når biskopen ikkje berre har ansvaret, men òg den praktiske gjennomføringa?»

På eit av møta gjennomførte prostane saman med kyrkjevevane i bispedømet eit seminar i konfliktløsning. Prostane samlast i tillegg ein gong i året til ei lengre samling. I år var redaktør Mange Lærø forelesar med tema som «Styring og leiing» samt «Tverrfaglig leiing.»

Eit anna tema var denne veka; «Kvar går grensa mellom prosten og soknepresten som leiar?» «Har soknepresten som leiar ein tendens til å bli viska ut?» Innleiarar var sokneprestane Hege Merete Andal i Brevik og Hjalmar Bjerga i Austre-Moland saman med kyrkjevevane Stein Rafoss i Flekkefjord og Jannicke Greipsland i Kristiansand. Det er viktig at begge arbeidslinene er tilstade når ein arbeider med slike tema.

Eit anna døme på leiarutdanning og samarbeid er kursdagen om ny kyrkjeordning som vert halde i kvart prosti i forlenginga av refleksjonsnotatet. Desse kursa vart arrangerte av prostar og kyrkjevevjar i fellesskap.

Innføring av introduksjonsprogram for nye prostar.

I bispedømet har vi utarbeidd eit introduksjonsprogram for nyttilsette prestar.

Men det syner seg at dette ikkje fangar opp det ein nyttilsett prost treng for å ha ei god innføring i si prosteteneste. Vi har difor laga eit eige innføringsprogram for prostar. Her vil mellom anna ein naboprost ha eit spesielt ansvar for at den nyttilsette prosten får ei god innføring i ulike rutinar osv.

2.3. Arbeidsvilkåra for prestane

Mål for området.		
Styringsparameter	Resultatmål	Indikatorar:
Planlagt arbeids- og fritid	Alle prestar skal ha arbeidsplaner og skal rapportere avvik frå denne	Gjennomsnittleg tal på fridagar som ikkje er tekne ut
Redusert sjukefråvær	Sjukefråværet skal ned eit prosentpoeng.	Sjukefråværsprosent

I risikoanalysen for området heiter det mellom anna:

«Det vil bli innført et databasert verktøy «Prostemodulen» som skal forenkle og effektivisere planlegging av arbeidstid og fritid. Det er et uttalt mål at alle prester skal få tatt ut sine løpende fridager, ukentlige fridager og tilmålt ferie og studiedager.

Det er etablert et Rekrutteringsprosjekt og et Livsfaseprosjekt, som begge har som mål å bedre arbeidsforholdene for prestene. Gevinsten vil ventelig være redusert sykefravær.»

Ferie og fridagar

Ikke uttatte ferier og fridager:		
	2011	2012
Ikke uttatte fridager	3,7	3,6
Overførte feriedager	2,9	2,7

Vi registrer ein liten nedgang i talet på feriedagar og fridagar som ikkje er teke ut. Vi reknar med at det nye rapporteringsverktøyet som er teke i bruk i 2012 vil gi betre oversikt og føre til at talet vil gå ytterlegare ned.

Tabell for sjukefråvær

Sjukefravær							
2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
4,40 %	4,51 %	3,72 %	4,02 %	4,90 %	4,20 %	6,20 %	5,70 %

Det er ein liten nedgang i sjukefråveret, men tala er framleis høgare enn for nokre år tilbake. I etatsstatistikken ser vi at det eigenmeldte korttidsfråveret aukar, medan det legemelde sjukefråveret går ned. Dette er ei gledeleg utvikling. Samstundes ser vi at sjukefråveret hos kvinner framleis er høgt. Tiltak for å redusere sjukefråveret er omtala under RAMU nedafor.

ABV (arbeidsrettleiing)

Arbeidsrettleiing er eit viktig reiskap for gode arbeidsvilkår i bispedømmet. Det blir lagt til rette for at alle nyttilsette skal vere med i ei ABV-gruppe. Alle prestane får regelmessig tilbod om deltaking i ABV. ABV-gruppene er såkalla kontinuerlege grupper der ein etter eit år kan velje om ein vil halde fram eller slutte. I 2012 var 67 prestar med i ei ABV-gruppe. Dette inkluderer alle prostane som har egne vegleingsgrupper. Dette er ein klar auke frå året før då talet var 39.

I 2012 har det og vore satsa på individuell vegleing. Prestar som av ulike grunnar treng ekstra oppfølging, har teke i mot tilbod om opptil fem timar med vegleiar. Bispedømmet har nytta egne vegleiarar til denne oppgåva. I somme høve har vegleiarar med anna naudsynt kompetanse vore nytta. Dette har vore eit viktig tiltak i personalpolitikken. 9 prestar har nytta tilbodet om individuell vegleing i 2012.

Ekstraløyvingar etter 22. juli - korleis desse vert nytta

I revidert nasjonalbudsjett vart det løyvd midlar til markering av eittårsdagen for angrepa mot regjeringkvartalet og AUF sin sommarleir på Utøya 22. juli 2011. Til vårt bispedømme vart det løyvd kr 20 000 for å dekke meirutgifter ved markering i Kristiansand domkyrkje. Midlane vart overført til Kristiansand domkyrkje, og det vart der halde gudsteneste i samband med eittårsmarkeringa.

Innføring av planleggings og rapporteringsverktøyet «prostemodulen».

Ein ekstern programvareleverandør har, i nært samarbeid med dei andre av landets bispedømmeråd, utvikla eit dataprogram for planlegging og rapportering i samband med ferie, studiepermisjonar, sjukdom og anna fråvere i presteskapa. Programmet vert kalla «Prostemodulen»,

og vart teke i bruk i alle våre prosti i 2012. Programmet blir vidareutvikla til å ivareta samla rapportering frå bispedømmerådet til andre statlege forvaltningsorgan. Dette er og eit nyttig styringsverktøy for prostane.

Livsfaseprosjekt

Sidan 2011 har ein i Skien prosti hatt eit livsfaseprosjekt. Sjølv om utgangspunktet for dette prosjektet var dei yngre prestane i prostiet, har ein prøvd å legge til rette for tenesta til prestar i ulike livsfasar med ulike tilbod og tiltak. Ein del av tiltaka omfattar alle prestane, som t.d. fri ei høgtid i året, meir systematisk vidare- og etterutdanning og betre bruk av tenesteordningar og regulering av arbeidsdagen. I tillegg er det om lag 25 ulike individuelle tiltak tilpassa den enkelte. Prosjektet vil vere avslutta i 2013, og ein vil då gjennomføre ei grundig evaluering.

RAMU

Det regionale arbeidsmiljøutvalet (RAMU) har i 2012 handsama 20 sakar. Fleire av sakene har vore knytt opp mot sjukefråvere og tiltak for å redusere det. Ein har blant anna sett på bruken av eigenmeldingar, korleis oppfølging av sjukemeldte fungerer og kva tiltak som vert sett inn som førebygging. RAMU har hatt spesielt fokus på den høge sjukemeldingsprosenten for dei kvinnelige tilsette. Det planleggast ei samling for alle dei kvinnelige tilsette der ein ynskjer å sette fokus på eventuelle tiltak som kan gjerast for å få ned sjukefråveret.

RAMU har også drøfta ulike undersøkingar som er gjort, mellom anna den årlege arbeidsplass-undersøkinga og ei undersøking om bruken av tenestordningar.

2.4. Kompetanseutvikling

Mål for området.

Styringsparameter	Resultatmål	Indikatorar:
Kompetanseutvikling	Gjennomføre kompetanseutviklingstiltak i samsvar med kompetanseplanen	Del av prestane som har vore med på etter- og vidareutdanning.

Studiedager pr. prest pr. prosti	2010	2011	2012
Domprostiet	4	10	8,5
Mandal	6	7	4
Lister	5	7	8,5
Otredal	32	6	8
Vest-Nedenes	10	11	13,5
Arendal	9	14	13
Aust-Nedenes	21	8	11,5
Bamble	10	18	12
Skien	12	10	12,5
Aust-Telemark	12	7	11,5
Vest-Telemark	10	19	10
Agder og Telemark bisped	10,8	10,5	10,7

Kvar prest i bispedømet har i 2012 tatt ut omlag 11 dagar til studiedagar. 33% av prestane har hatt studieopplegg som har vart i minst 5 dagar. 19 av prestane våre har delteke på opplegg i regi av kompetanserådet. Sjølv om vi ligg over landsgjennomsnittet når det gjeld deltaking i vidare- og etterutdanning, er det eit mål at alle prestar i løpet av eitt år skal drive med kompetanseutvikling.

I samband med prestens årlege medarbeidersamtale, ynskjer vi at det skal lagast ein individuell kompetanseplan for kvar prest. Denne planen skal vere retningsgivande for den kompetanseutviklinga som skal skje det komande året. Planen skal spegle både strategiane i bispedømet, dei lokale behova og den einskilde presten sine ynskjer og mål. Gjennom slike planar vil det òg vere lettare å målstyre den kompetanseutviklinga som skjer i heile bispedømet og i det enkelte prostiet.

Dei siste åra har vi sett at prestar i hovudsak er opptekne av vidare- og etterutdanning innan praktisk- teologiske disiplinar. Det heng nok mellom anna saman med dei ulike reformene i kyrkja, som trusopp-læringsreforma og gudstenestereforma, der ein har hatt ein trong til å skaffe seg breiare kompetanse.

Samstundes er det naudsynt at det òg

vert fokus på kompetanseutvikling innan andre område i teologien som til dømes systematisk teologi og bibelfag. REU i Agder og Telemark har starta planlegging og samarbeid med to regionale utdanningsinstitusjonar, Universitet i Agder og Ansgar teologiske høgskule. Dei er utfordra til å laga poenggevend kurs innan bibelteologi og reformatorisk teologi. Dessutan planleggast det eit bispedømekurs saman med kulturrådgjevaren med fokus på kulturforståing i kyrkja.

Tiltak: Særskilt studieopplegg for prestar og trusopp-lærarar om trusopp-læring

Med god erfaring frå felles kurs for prestar og kantorar om gudstenestereforma, gjennomførte bispedømet i samarbeid med Misjonshøgskulen i Stavanger kurs for ein prest og ein trusopp-lærar frå kvart prosti. 10 av 11 prosti (12 prestar) var med på opplegget. Kursdeltakarane skal etter kurset vere resurspersonar på trusopp-læring i prostiet. Opplegget besto av 5 kursdagar pluss ein kursdag i prostiet, og det gav 10 studiepoeng.

Kjell Steinbru, sokneprest i Evje. Foto: Gunnar Skavoll



2.5. Likestilling

Styringsparameter	Resultatmål	Indikatorar:
Prosentvis kvinneandel av presteskapat	Framleis auke i talet på kvinnelege prestar i faste stillingar i bispedømet	Prosentvis del av kvinner i faste prestestillingar
	Auke kvinneandelen i leiarstillingar	Prosentvis del av kvinner i faste leiarstillingar

Plan for verksemda har desse tiltak knytt til området likestilling:

Tiltak første post: Når det er kvalifiserte kvinnelege søkjarar til prestestillingar skal alltid kvinner innkallast til intervju.

Tiltak andre post: Legge bispedømmets likestillingspolicy til grunn når bispedømmerådet overtek tilsettingsansvaret for prostar.

	Totalt		Lederstillinger		Øvrige stillingar	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Kjønnsfordeling - alle ansatte (%)	21,0	79,0	0	100	28,6	71,4
Kjønnsfordeling - heltidsansatte (%)	18,8	81,2	0	100	27,3	72,7
Kjønnsfordeling - deltidsansatte (%)	33,0	67,0	0	0	33	67
Gjennomsnittslønn (i 1000 kr)	437	531		643	437	476

Tabellen viser at kjønnsfordelinga i leiarstillingar ved bispekontoret ikkje er slik ein kunne ynskt.

I 2012 har bispedømmerådet tilsett ny personalsjef. Det var kvinnelege søkjarar til stillinga, men etter ei samla vurdering av kvalifikasjonar og kompetanse, valde bispedømmerådet å tilsette ein mann.

Bispedømmerådet har ikkje tilsett prostar i 2012, men ved starten av 2013 er det 4 ledige prostestillingar i bispedømmet. Det vil da vere viktig som eit minimum å oppretthalde fordelinga med minst 3 kvinnelege prostar.

Etter at vi dei 10 siste åra har hatt ein jamn auke i talet på kvinnelege prestar, hadde vi i 2012 ein liten nedgang. Den største utfordringa har vore færre kvinnelege

Likestilling:	2011	2012
Domprostiet	20,5 %	20,0 %
Mandal	16,5 %	16,5 %
Lister	25,0 %	25,0 %
Otredal	14,2 %	0,0 %
Vest-Nedenes	30,2 %	30,0 %
Arendal	24,0 %	23,1 %
Aust-Nedenes	25,3 %	25,0 %
Bamble	20,5 %	22,2 %
Skien	21,4 %	20,0 %
Aust-Telemark	33,3 %	33,3 %
Vest-Telemark	11,9 %	0,0 %
Agder og Telemark bispedømme	23,5 %	21,9 %


søkarar i 2012 enn for eksempel året før.

Målsettinga vår er klar; vi ynskjer auke i talet på kvinnelege tilsette slik at vi oppnår ein jamn kjønnsbalanse i presteskapat. Bispedømmerådet har derfor gjort eit vedtak om at når det er kvalifiserte kvinnelege søkjarar til ei stilling, så skal dei alltid innkallast til intervju. Vi har fortsatt tru på at det arbeidet som gjerast med fokus på ein god livsfasepolitikk, på sikt vil føre til at fleire kvinner ynskjer presteneste i bispedømet vårt.


I eit planlagt møte med dei kvinnelege tilsette i bispedømet vil vi òg drøfte aktuelle tiltak som kan gjerast for å auke rekrutteringa av kvinnelege søkarar til ledige stillingar.

Når bispedømet no har fått tilsettingsmynde for prostar, vil vi legge bispedømmets likestillingspolitikk til grunn for tilsettingar.

Kjønnsfordeling - deltidsansatte (%)



Kjønnsfordeling - alle ansatte (%)



3 Kyrkjeleg sektor

3.1. Utviklinga i kyrkjestatistikken



Kjell Steinbru, sokneprest i Evje. Foto: Gunnar Skavoll

Hovedmål for området:

Den norske kirke skal være en landsdekkende, lokalt forankret kirke, som inviterer mennesker i alle aldre og livssituasjoner til tro og fellesskap. Kirken skal bidra til å styrke lokalsamfunn, målbære menneskeverdet og utfordre til solidaritet. Bevilgningene under kapitlet skal understøtte Kirkemøtets mål for Den norske kirke som en bekjennende, misjonerende, tjenende og åpen folkekirke.

Styringsparameter for dette området er

oppslutninga om Den norske kyrkja slik det blant anna kjem fram i den årlige kyrkjestatistikken frå sokna som vert send til Statistisk sentralbyrå med kopi til bispedømekontora.

Hovudtendensen er at det er relativt stabil deltaking på gudstener i Agder og Telemark bispedøme dei siste åra. Etter ein markert auke i gudstenedeltakinga i 2011, er talet i 2012 tilbake på nivået frå 2009-2010. Det er rimeleg å rekne med at auken i 2011 hadde samanheng

med terrorhendingane 22. juli. Også på landsbasis var det ein markert auke i 2011. Nedgangen i gudstenedeltakinga frå 2011 til 2012 er kraftig på landsbasis (ca. 13,8 prosent), men meir moderat i Agder og Telemark (ca. 3,1 prosent).

Nokre stader er det ei naturleg forklaring på i alle fall ein del av nedgangen, som til dømes i Skien prosti. Østre Porsgrunn kirke brann i 2011, og i heile 2012 har ein brukt kyrkjestova som gudstenerom. I Kristiansand domprosti har det på den

Kyrkjestatistikk Agder og Telemark bispedøme 2006-2012:


	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Medlemmer i Den norske kyrkja	347 291	347 474	347 094	344 526	343 557	343 131
Innmeld	162	141	259	201	235	169
Utmeld	962	846	1 103	722	714	722
Dåpshandlingar	4 006	3 899	3 884	3 845	3 707	3 712
Vigslar	1 116	1 195	1 157	1 295	992	1074
Gravferder	3 879	3 907	3 865	3 703	3 825	3 812
Konfirmerte (delteke i forbønshandlinga)	4 232	3 975	4 029	3 847	4 050	3 917
Gudstener, søn- og helligdager	5878	5896	5829	5792	5694	5 589
Delt. gudstjenester søn- og heilagdager	616 970	613 984	583 764	595 486	611 066	593 228
Gjennomsnitt gudstenedeltaking	105	104	100	103	107	106
Gudstener med nattverd	2 866	2 890	2 934	2 828	2 884	2 898
Nattverdsdeltakarar	151 250	144 011	148 476	146 395	157 726	166 304
Gjennomsnittleg nattverddeltaking	53	50	51	52	55	57
Talet på sokn	141	141	141	140	138	136

andre sida vore ein oppgang i gudstenevitjinga. I Domprostens årsrapport vert det meldt om stor auke i oppslutnaden om familiegudstenester i fleire av kyrkjene i domprostiet. Det same gjeld Lister prosti.


Utviklinga i medlemskap i kyrkja viser same tendensen over mange år, nemleg ein svak tilbakegang frå år til år. Netto tilbakegang i medlemstal i Agder og Telemark var 553 i 2012 og 479 i 2011. Tendensen er noko sterkare på landsbasis enn i Agder og Telemark. I 2011 var 75,5 prosent av innbyggjarane i bispedømet vårt medlemmer av Den norske Kyrkja. Dette er litt under landsgjennomsnittet (76.9).

Deltakinga i nattverden går framleis oppover og nådde i 2012 eit nivå ein må mange år tilbake i tid for å finna. Frå 2010 har det blitt 20 000 fleire nattverds-gjester i kyrkjene på Agder, ein auke på 12 prosent. Vi kan snakka om ei slags «nattverdsvekking» i kyrkjelydane. Blant anna er det blitt meir vanleg at barn går til nattverd. Prosessen med gudstenestereforma kan nok ha medverka til denne utviklinga. I gudstenestereforma vert det understreka at barn er både fullverdige truande og fullverdige deltakarar i nattverden. I dagens ordning heiter det òg at det normalt skal vere nattverd i alle hovudgudstenester. Spørsmålet er om den auka oppslutnaden om nattverden og den store satsinga på trusopplæring dei siste åra, kan gje ei tettare tilknyttinga til kyrkja og kyrkelivet for mange. Det vert spanande å sjå om dette i så fall kan styrkje kyrkjelydane og demme opp mot vidare sekularisering av samfunnet.


Deltakarar på gudstenester i prostia



Gudstenestedeltaking i snitt



Nattverdsdeltakare, gudstenester med nattverd



Seremoniane

Medan oppslutnaden om gudstenestene er stabil i Agder og Telemark bispedøme, er biletet meir samansett når det gjeld dei kyrkjelege seremoniane. Talet på vigslar og dåp går markert ned når ein ser fleire år i samanheng, men steig i 2012. Talet på konfirmerte heldt seg relativt stabilt.

Dåpstala i Agder og Telemark bispedøme gjekk ned kvart år frå 2007-2011. Det same skjedde i alle andre bispedømer. Men for Agder og Telemark sin del stansa denne nedgangen opp i 2012. Totalt ligg Agder og Telemark litt over gjennomsnittet på landsbasis når det gjelder dåpsprosent (72 prosent i 2011).


Konfirmasjonstala har halde seg på omlag same nivå over mange år. At det ikkje har skjedd ein tilsvarande nedgang her som for dåpen sin del, kan truleg tilskrivast den store satsinga som er gjort på trusopplæringa dei siste åra. Samstundes er det slik at dåp og konfirmasjon heng saman. Det er sannsynleg at også talet på konfirmerte med tida vil gå ned dersom tendensen til at stadig færre barn vert døypte, heldt fram. Det skal óg nemnast at «konfirmasjonsprosenten» i bispedømet er noko lågare enn i landet som heilskap, 63,9 prosent i 2011. Landsgjennomsnittet var då på 65,2 prosent. Ei av årsakene til det er at relativt mange i bispedømet vårt vert konfirmerte i andre trussamfunn. Dette er til dømes tilfellet i Skien prosti og Domprostiet.

Vigslar

Stadig færre vel å gifte seg i kyrkjene her i landet. De seinere åra har vist stor nedgang frå 56,1% i 2000 til 39,2% i 2011. Her må ein likevel ta med at talet på norske par som giftar seg i utlandet aukar. I fjor gjekk meir enn 5000 par, der minst ein av dei var norsk, inn i ekteskapet i utlandet, og av desse gifta nær 1000 par seg i Den norske kyrkja i utlandet - Sjømannskyrkja.


Nedgangen gjeld også vigslar i kyrkjene i Agder og Telemark bispedøme når ein ser utviklinga over tid. Det er likevel interessant at talet på folk som gifta seg i kyrkjene her i bispedømet gjekk opp frå 992 i 2011 til 1074 i fjor. Dette er atypisk for utviklinga gjennom mange år, der det hele tida har vore ein fallande tendens. Noko naturleg forklaring på dette talet er det vanskeleg å skissere.

Dåp og konfirmasjon



Andel konfirmerte	2010	2011	2012
Konfirmerete i forhold til antall medlemmer (døpte) av samme årskull.	91,5 %	93,0 %	92,2 %
Konfirmerete i forhold til antall medlemmer og tilhørige av samme årskull.	85,0 %	84,8 %	84,6 %
Konfirmerte i forhold til antall 15-åringar.	63,6 %	63,9 %	63,5 %

Vigslar



Andre tilbud

I tillegg til gudstenester og seremoniar, er det eit mangfald av andre aktivitetar og tilbud i kyrkjene: Kor for ulike aldersgrupper, søndagsskule, konsertar, speidar og sosiale arrangement. I 2011 rapporterte kyrkjelydane i Agder og Telemark at det

var 165 000 menneske innom kyrkjene for å ta del i ulike kulturelle tilbud.

3.2 Gudstenestereforma i bispedømmet

I planen for verksemda er det uttrykt at ressurstillgang til presteteneste ikkje er i samsvar med befolkningsvekst i sentrale strom. Krav om ei betre planlegging og ei meir familievenleg teneste verker òg inn på tilgjengelege presteressursar. Risikoen for reduksjon i talet på gudstenester er difor stor. I samband med godkjenning av lokale grunnordningar for gudsteneste får ein eit visst oversyn over talet på gudstenester. I evaluering av tenesteordningar for prestar og prostar har ein bevisst tilpassa forordninga til ressursituasjonen.



Barnebonn Landvik kirke
Foto Grimstad Adressetidende

Mål for området:		
Styringsparameter:	Resultatmål	Indikatorar:
Gudstenestelivet	Auke i gudstenestedeltakinga i alle prosti	1) Gjennomsnittlig gudstenestedeltaking på sun- og heilagdagdar.
	Innført ny ordning for gudstenesta i alle kyrkjelydar	2) Talet på lokale ordningar godkjent av biskopen

I planen for verksemda er det uttrykt at ressurstillgang til presteteneste ikkje er i samsvar med befolkningsvekst i sentrale strom. Krav om ei betre planlegging og ei meir familievenleg teneste verker òg inn på tilgjengelege presteressursar. Risikoen for reduksjon i talet på gudstenester er difor stor. I samband med godkjenning av lokale grunnordningar for gudsteneste får ein eit visst oversyn over talet på gudstenester. I evaluering av tenesteordningar for prestar og prostar har ein bevisst tilpassa forordninga til ressursituasjonen.

Tiltak til post ein er: «Halde fram med 25 % stillingsressurs retta mot gudenestearbeidet i bispedømmet».

Sokneprest Tom Martin Berntsen var i tre år engasjert som rådgjevar knytt opp mot gudstenestereforma og demokratiseringsreforma. Bispedømerådet har vald å engasjere han vidare i ei 25 % stilling. Hans arbeidsoppgåver er framleis gudstenestereforma, samt rekrutteringsprosjektet, opne kyrkjer og bøn. Det er ei utfordring for den lokale kyrkjelyden å halde fokus på at gudstenestereforma er noko som skjer heile tida, òg etter at lokal grunnordning er vedteke.

I planen for verksemda har ein vidare om-tala utfordringane med godkjenning av lokal grunnordning for gudstenester slik:

«Årsrapporten for 2011 viste ein auke i oppslutninga om gudstenestene i bispedømmet. Analyser viser at det truleg er ein samanheng mellom planlagt satsing på trusopplæring, gudstenesteutvikling og strategisk planlegging av kyrkjelydane si verksemd og vekst i gudstenestebesøket. No som ny liturgi er vedteken av Kyrkjemøtet og prøveordninga er avslutta, vil det være naudsynt å få den nye liturgien forankra i kyrkjelydane. Ein må òg bruke ressursar på godkjenning av gudstenesteplanar og på å gjennomgå gudstenesteforordningane. Ei utfordring for 2012 vil òg være halde oppe den gode utviklinga i gudstenestebesøket.»

Tiltak til post to er: «Setje av personalressursar på bispedømmekontoret til å handsame søknader om godkjenning av lokal ordning for gudstenesta»

Eit omfattande arbeid med godkjenning av lokale grunnordningar for gudsteneste starta for alvor hausten 2012. Bispedømerådet sette fristen til innlevering 1. oktober, men berre eit fåtal av kyrkjelydane makta å levere innan

fristen. Dermed var det ikkje mogleg å handsame alle søknadene slik at alle kyrkjelydane hadde godkjende lokale grunnordningar til 1. søndag i advent, då den nye gudstenesteordninga etter planen skulle vere godkjent. Ved slutten av året hadde 80 av dei 136 kyrkjelydane i bispedømmet fått positivt svar på sin søknad, medan ca. 20 sokneråd bad om utsetjing til 2013.

Dei aller fleste sokneråda som sende inn søknad om ny grunnordning, fekk grunnordninga godkjend på visse vilkår. Berre nokre få kyrkjelydar fekk beskjed om at ordninga ikkje kunne godkjennast før det var gjort store vesentlege endringar. Desse endringane gjaldt til dømes ordlyd i lokale bøner som biskopen meinte var uheldig, eller at vesentlege element i gudstenesta ikkje var med. Det var også nokre saker der kyrkjelyden ikkje hadde teke i bruk dei nye liturgiane for dåp og nattverd. For eventuelt å kunne halde fram å bruke dei gamle liturgiane, vert det kravd ei god grunngeving.

Det er tydeleg at gudstenestereforma har aktivisert mange. Men det har og vore krevjande. Prosten i Aust-Nedenes dekker nok mange si oppleving av arbeidet med reforma når han skriv i si årsmelding: «Arbeidet med gudstjenestefornyelse var krevende og tok mye tid. Gudstjenesteutvalgene arbeidet godt. Gjennomgående er det prostens inntrykk at flere av menighetene har valgt en relativt konservativ løsning og for eksempel

beholdt den gamle nattverdsliturgiens melodier. Når det gjelder de musikalske alternativene, var det tilsendte materialet kritikkverdig stort. Når uniformiteten nå er borte utgjør de ulike menighetenes valg av liturgiske ledd en utfordring for vikarprester.»

Godkjenning av grunnordningar for gudstenester pr. 31. des. 2012:

Tal på sokn	136
Totalt godkjend	80
Handsama, men ikkje endeleg godkjend	10
Utsettingar til 2013	20
Ikkje høyrte noko frå	15
Innkomne, men ikkje handsama	11

Når det gjeld hovudprinsippa i gudstenerereforma; involvering, stadeigengjering og fleksibilitet, viste kyrkjelydane gjennomgåande stor vilje til å følgje dette opp. Dette vil utan tvil føre til at gudstenerestene i bispedømet vårt vert meir farga av det lokale. Det blir fleire røyster å høyre, fleire andlet å sjå og fleire lokalt utforma bønner vil lyda.

Bispedømekontoret ser likevel to område som aktuelle å følgje opp i kjølvatnet av denne runda med godkjenning av lokale grunnordningar for gudstenereste:

1. Å hjelpe kyrkjelydane til å bli meir medvitne om korleis dei kan bruke den lokale kyrkja sin arkitektur og kunst som pedagogiske og liturgiske ressursar i gudsteneresta (stadeigengjering).
2. Å medverke til endå betre samordning mellom gudstenerereforma og trosopplæringsreforma (Jfr. Slagordet «gudstenereste er trosopplæring»).

3.2.1. Ordning med "assisterande gudsteneresteleiarar"

Det er lang tradisjon for leke gudsteneresteleiarar, heretter kalla assisterande gudsteneresteleiarar, i vårt bispedøme. To gongar i året blir desse inviterte til samling, der ein øver som liturg og samtaler om preika. Biskopen er gjerne med. I 2012 har gudstenerereforma hatt stor plass på desse samlingane. I 2012 har 21 delteke. Assisterande gudsteneresteleiarar har kvar sin lokale prest som mentor. Dei vert brukte som vikarar i høve til forordna gudstenerester med rett til å forrette dåp og nattverd.

Prosten i Vest-Telemark prosti seier i si årsmelding følgjande: «P.g.a. vanskeleg vikartilgang vart 11% av alle forordna gudstenerester på sun- og heilagdag forretta av ikkje-ordinerte, mot 12% i 2011.»

Dette viser at behovet er der, sjølv om gudstenerereforma òg har vist at ein på mange stader må sjå på forordna gudstenerester på nytt.

Målet med assisterande gudsteneresteleiarar er og at dei kan bli ein del av eit frivillig korps som kan halde gudstenerester der det er låg gudstenerestefrekvens. I Flekkerøy kyrkjelyd har misjonsforeininga for å auke talet på gudstenerester i soknet, tatt ansvar for 14 gudstenerester der alle er friviljuge, både prest og organist. Vi ser at i mange kyrkjelydar veks det fram av dei forordna gudstenerester eit ønskje om andre typar gudstenerester. Mange kyrkjelydar har såkalla G-2 gudstenerester.

3.3. Arbeid for ungdom



Foto: Martin Jakobsen

I plan for verksemda er utfordringane i ungdomsarbeidet omtala slik:

«Tala for dåp og konfirmasjon viser ein fallande tendens over tid, utan at tala er analysert nærare og årsakene til utviklinga er avdekkja. Å finne nærare ut av dette er ønskeleg. I styringsamtala med departementet og kyrkjerådet vart vi utfordra på å ha fokus på ungdom over 18 år. Bispedømmet har fleire høgskular og eit universitet. Vi har samstundes eit godt tilbod av kristne utdanningsinstitusjonar (folkehøgskular, bibelskular og høgskular) spreidd over

heile bispedømmet. Ungdom frå desse er med på å skape gode kristne ungdomsmiljø mange stader, men ein må arbeide vidare med å utvikle samhandlinga mellom ungdomsmiljøa, studentmiljøa og kyrkja sitt ungdomsarbeid. Kyrkjelege tilsette ungdomsarbeidarar er ein viktig ressurs på dette feltet, men dei treng støtte, vegleiing og oppfølging.»

Mål for området		
Styringsparameter	Resultatmål	Indikatorar:
Arbeidet for ungdom i kyrkjelydane	Auke i talet på delegatar og auke i talet på kyrkjelydar som er representerte på ungdomstinget.	Tal på delegatar på ungdomstinget. Talet på ungdomsarbeidarar som deltok på ungdomstinget.
	Styrke samarbeidet og vegleiinga for ungdomsarbeidarar i bispedømmet.	Tal på kyrkjelydar som er representerte på ungdomstinget. Møter, kurs og samtaler med ungdomsarbeidarar i bispedømmet

Det er ikkje gjort risikoanalyse for ungdomssektoren.

Ungdomsarbeidet i bispedømmet er stort og spennande. Agder og Telemark held fram med ordninga med ein ungdomsrådsgjevar i 100 %. 25% er eit samarbeid med Kirkens Nødhjelp. Ungdomsrådsgjevaren har i tillegg til arbeid med ungdomsrådet, ungdomstinget og rekrutteringsprosjektet, fått som hovudoppgåve å knytte kontakt med ungdomsarbeidarar og ungdomsmiljøa rundt om i bispedømmet. Han blir delvis løna av innsamla midlar.

Ungdomsrådsgjevaren sender kvar veke e-post til 120 kontaktar som i ein eller annen grad jobbar med ungdom. Frå denne kontaktflata vert det jobba vidare med lokalt arbeid eller større samlingar i prostia. Ofte er det lokale ungdomsarbeidet knytt opp mot kristne ungdomsorganisasjonar. Ungdomsrådsgjevar opprettar kontakt med samarbeidspartnarane våre. Dette har ført til spennande samarbeid med desse organisasjonane, så vel mellom kyrkjelydar som over kommunegrensar. I Lister prosti har ungdomsarbeidarar i Farsund, Flekkefjord, Lyngdal og Kvinesdal etablert eit forum for samarbeid. Eit slikt forum har lenge eksistert i Kristiansand. Nytt i 2012 er at ungdomsarbeidarar i Søgne og Vennesla er blitt med i fellesskapet i Kristiansand.

Ungdomsrådsgjevar har opplevd ei merkbar auke i førespurnader om kurs, hjelp og idear frå heile bispedømmet, men har hatt spesiell god kontakt med kurset for ungdom «Lær dem å lede» i Arendal, ungdomsarbeidet i Farsund og ungdomsarbeidarar i Kristiansand som treffest kvar månad.

Ungdomsrådet – Ungdomstinget

Ungdomstinget 2012 vart halde på Vegårshei i Aust-Agder. Der gjennomførte vi for fyrste gong eit parallelt program; eit for delegatar og eit for ungdomsarbeidarar og ungdomsleiingar. Dette blei særst godt motteke og det blei bestemt å gjennomføre tilsvarande også i 2013. Ungdomstinget inviterte i tillegg til eit opent seminar som blei avertert i media. Valdsforskar Ragnhild Bjørnebekk frå Politihøgskulen sette søkelyset på «Vald i Billedmedier». Ungdomstinget ønskjer å tilby eit opent seminar også ved neste Ungdomsting. Protokollen frå Ungdomstinget blei sendt til

kyrkjelydane og vart godt motteken av Bispedømerådet som ønskte å jobbe vidare med nokre av sakene frå Tinget.

Ungdomstinget har ei utfordring når det gjeld delegatar. Det var berre 24 deltakarar i 2012. Framleis er det berre eit fåtal av kyrkjelydane som er representerte. Men ungdomsrådet arbeider aktivt med saka. I 2012 har ungdomsrådet lagt konkrete planar og opplegg om leiartreningskurs for ungdom. Dei skal gjennomførast i 2013 i følgjande kyrkjelydar; Høvåg, Gulset, Voie, Vennesla, Flekkfjord og Randesund.

Ungdomsrådsgjevar og diakonirådsgjevar har saman utarbeidd eit innspel om «ungdom og diakoni» til kyrkjelege arbeidarar som blei presentert for prostane samt for tilsette i Lister prosti.

Ungdommens kyrkjemøte 2012 blei arrangert i Mandal. Frå vårt Ungdomsråd drog Caroline Dubland Andersen, Kamilla Tønnessen og Ingrid Breilid Svendsen. Ungdomsrådsgjevar var aktiv i planlegging og gjennomføring av arrangementet.



Det var stor oppslutning om "Sammen", eit svært ungdomsmøte i Kristiansand domkyrkje arrangert av ungdomsarbeidarar i Kristiansand i saman med ungdomsrådsgjevaren. Presterkruteringsprogrammet blei godt presantert denne kvelden . (Foto: Linda Andersen)

3.4 Trusopplæringa

Auken i løyvingane for 2012 var lågare enn for tidlegare år. Under risikovurderingar i plan for verksemda er det difor uttalt:

«Den største utfordringen er at tildeling av sentrale midler til trosopplæringsreforma synes å tilnærmet stoppe opp. Progresjonen i tildelingene synes ikke å følge tidlige vedtatte plan, og dette medfører stor frustrasjon i menighetene som ennå ikke har fått tildelt midler. Mye planarbeid og aktiviteter er startet opp i påvente av sentrale tildelinger, og mye arbeid er allerede startet opp og finansieres ved lokalt innsamlede midler i menighetene. Dette private finansiering er slitsom for menighetene.»

For å halde trykket oppe er det i plan for verksemda difor lagt opp til:

- «Det gjennomføres prostivise kurs for prester og trosopplærere, for å få god samhandling i videreutvikling av reforma i menighetene.
- «Det gjennomføres innføringskurs for nye prostier som får tildelt midler, og det holdes forberedende kurs/seminarer for menigheter som ennå ikke har fått tildelt sentrale midler.»



Foto: Karen Kilane

Mål for verksemda

Styringsparameter:	Resultatmål	Indikatorar:
Trusopplæringsreforma	Auke i omfanget av trusopplæringa i kyrkjelydane	1) Del av kyrkjelydane i bispedømmet som er tilført trusopplæringsmidlar i 2012
	Auke i talet på kyrkjelydar som har nådd 315 timar trusopplæring	2) Gjennomsnittleg timetal ved trusopplæringstilbod i kyrkjelydar i gjennomføringsfasen
	10 % auke i rapporterte trusopplæringsaktivitetar i bispedømmet	3) Gjennomsnittleg deltakartal ved utvalde trusopplæringstilbod i driftsfasen
	Alle sokn som har vore i driftsfasen i 3 år skal ha godkjente planar	4) Talet på godkjente planar

Trusopplæringsreforma har høg prioritet i bispedømmet. Dei sokna som har fått midlar merker at det både inspirerer og utfordrar. Det er lett å tenkje at nye økonomiske midlar skal løyse oppgåvene innan arbeidet blant barn og ungdom. Men mange kyrkjelydar opplever at trusopplæring er krevjande. Difor er det spanande å sjå den iver og vilje som råd og tilsette viser. I tillegg ser vi at trosopplæring genererer mykje friviljug teneste.

Det er interessant å sjå korleis dei ulike kyrkjelydane tek fatt på arbeidet med å systematisere oppgåvene fram til ein ferdig plan. Det er ei sentral oppgåve for

bispedømmekontoret å prøve å forstå dei lokale tilhøva og vurdere planane deretter. Sokna jobbar under svært ulike vilkår når det gjeld tradisjon for organisasjonsarbeid, friviljugheit og givarteneste. Det som òg gir størst utslag i planarbeidet, er om dei maktar å samarbeide med dei kristne organisasjonane på staden, og organisere samarbeidet på ein slik måte at aktivitetane kan reknast inn i timeteljinga. Trusopplæring gjer noko med medvitet om å vere ei folkekyrkje med dåpen som medlemskriterium.

Arbeidet med trusopplæring fører til meir samarbeid. Nye midlar til trusopplæring

gjer at mange vel å opprette stillingar og tiltak på tvers av soknegrenser og fellesrådsrenser. Som døme på dette kan ein nemne Audnedal og Åseral fellesråd i Mandal prosti. Samarbeidsprosjekt er til dømes Mandal prosti og Lister prosti som har sett i gang planarbeid med felles opplegg for konfirmasjon i respektive prosti. Det viser seg at aldersgruppa frå konfirmasjon og oppover er ei utfordring for kyrkja vår, ikkje minst i vår landsdel.

Når det gjeld konfirmasjon, har Agder og Telemark ei utfordring. Etatsstatistikken for 2012 seier at det i sokn som er i driftsfasen av trusopplæring, har kyrkja berre

ein prosentdel av konfirmantar på 79%. Det er godt under gjennomsnittet for landet. Fleire prostar nemner i si årsmelding ei utfordring frå andre kyrkjesamfunn. Frå prosten i Skien heiter det: «Det er en jamn nedgang i antall dåp viss en ser de siste 15 årene. Konfirmanttallet er synkende. Lokalt skyldes det også sterk konkurranse fra frikirkesamfunn, som har lykket med konfirmantopplegg som trekker.» Også domprosten er inne på den same utfordringa. Det kan ikkje vere heile forklaringa. Vi må arbeide vidare med dette. Vi trur Den norske kyrkja har mykje å lære av korleis andre trussamfunn engasjerer til friviljug innsats og korleis dei skaffar økonomi til arbeidet sitt. Det blir spanande å sjå kva arbeidet med felles konfirmantopplegg i prostiet kan føre med seg. Vidare er det ei utfordring at det berre er vår kyrkje som har krav om at i alle fall eit opplegg for konfirmasjonsundervisning skal vere tilnærma gratis i kvart sokn.

Eit anna tal frå etatsstatistikken som må kommenterast, er breiddetiltak etter konfirmasjonen. Der ligg Agder og Telemark med ein andel på 9%. Trusopplæringskoordinator Frode Eikrem forklarar dette talet slik: - Dette talet er feil. Riktig prosent skal vere 31%. Dette har blitt feil av fleire årsaker. Det skuldast for det første at fleire av kyrkjelydane ikkje har tyda spørsmålet i rapportskjemaet rett. Mange har trudd at dette berre var mynta på 10.klassetrinnet. Dei har vald kategorien «anna tiltak» for desse tiltaka. Mange av desse kyrkjelydane har store ungdomsklubbar for denne aldersgruppa. Desse klubbane når særst breidt ut året etter konfirmasjon. Etter ein samtale med to rådgjevarar i Kyrkerådet medgir dei at spørsmålet i rapportskjemaet er uklårt og kan tolkast på ulike måter. Nokre kyrkjelydar har gløymt å rapportere inn breiddetiltak etter konfirmasjonstida, andre har rapportert utan å leggje inn tal. Bispedømmekontoret har no hatt ein nøye gjennomgang av alle årsrapportane for kyrkjelydane i driftsfasen. Det viser seg at det er 9 ulike breiddetiltak året etter konfirmasjon, og dei har ein gjennomsnittleg oppslutnad på 31%.

1. Trusopplæringsreforma si utbreiing

Fase:	Tal på sokn	Tal på einingar	Tal på prosti
Mellom	11	2	2
Gjennomføring	65	38	5
Drift	23	12	2

Sokna som no er innlemma i reforma utgjer 70 % av kyrkjelydane i Agder og Telemark.

Sokna som er med i reforma med faste midlar for heile prostiet utgjer 62%

I 2012 var det Bamble og Vest-Nedenes prosti som blei vald ut til å komme med i gjennomføringsfasen. Det er 17 sokn i desse 2 prostia. 3 sokn hadde midlar frå før gjennom trosopplæringsprosjekt. Etter mal frå føregående år blei det gjennomført mange drøftingsmøte for å bli samde om den lokale fordelinga. Det var ein stor grad av semje om å fordele midlane på fellesrådsnivå, og dei små sokna blei tilgodesett med litt meir midlar pr. born. Det er også halde ei rekkje kurs for friviljuge og stab.



Foto: Karen Kilane

2. Omfanget av trusopplæringstilbod i kyrkjelydane

Mandal og Aust-Nedenes prosti var dei 2 prostia i 2012 som var i driftsfasen, med godkjent lokal plan for trosopplæring. Sokna her hadde gjennomsnittleg 315 tilbude timar og 252 gjennomførte timar.

Det er ein skilnad på planlagte og gjennomførte timar. Det er heilt i tråd med intensjonane i reforma. Tilbodet til barn og unge skal fornyast og hos dei fleste også utvidas. Dei færraste kyrkjelydane har allereie eit tilbod på om lag 315 timar. I dei lokale planane er det tidfesta med årstal når dei skal starte opp med dei ulike nye tiltaka. Det er med andre

ord ein framdriftsplan slik at planlagte og gjennomførte timar blir om lag det same. Dei fleste kyrkjelydar har vald eit perspektiv på 5 år på det å starte opp nye tiltak.

Nokre av tiltaka er også heilt avhengig at det melder seg nok friviljuge som vil delta og ta ansvar. Alt i alt forventar vi ei auke i gjennomførte timar i åra som kjem.

3. Oppslutnaden kring arbeidet i trusopplæringa for sokn i driftsfasen

3490 blei inviterte til dei tiltaka som er vald ut som resultatindikatorar. 1857 deltok til saman. Dette gjev ein oppslutnad på totalt 53 %.

4. Tal på kyrkjelydar som har fått godkjent plan

I 2012 var det Skien prosti som skulle levere fornya planar for trosopplæring. Heile avdelinga for kyrkjefag har vore involvert i arbeidet med å godkjenne planane. Alle 14 kyrkjelydane fått godkjent sine planar. Timetalet i planane har eit gjennomsnitt på 331 timar. Det er no 14 planar for dei 14 sokna. Ingen av kyrkjelydane har levert felles plan, men mange har samarbeidd om skriveprosessen.

Blant dei kyrkjelydane som har vore med i mange år har dei fleste kome godt i gang. Det jobbast bra og tverrfagleg med reforma. Men for dei som enno ikkje har fått midlar til trosopplæringa er frustrasjonen stor. Det er ei vanskeleg oppgåve å halde motivasjonen opp hos desse kyrkjelydane. Det er også mange kyrkjelydar som finn det vanskeleg å kunne oppnå et tilbod om 315 timar med trosopplæring. Det er eit stort ynskje om å finne ein nasjonal norm for å kunne inkludere trosopplæring i heimen inn i teljinga av timar i planen. Til dømes kunne det blitt satt ein standard på kor mange timar man kan telje på utdeling av ei bok, CD eller DVD.

3.5. Diakoni



Frå vigslinga av Anne Eidfjord til diakon i Søm kyrkje.

I plan for verksemda er utfordringane på diakoniområdet omtala slik:

«Kyrkjemøtet har vedteke plan for diakoni for Den norske Kyrkja. Her blir det uttrykt ønske om økt diakonalt engasjement og en planlagt satsing på diakoni i alle kyrkjelydar. Det er likevel ikkje gitt noe pålegg til kyrkjelydane om å utarbeide diakoniplaner. Det er heller ikkje lagt opp til nye løyvingar over dei offentlige budsjetta til oppfølging av Kyrkjemøtet sitt vedtak. Bispedømmerådet bør derfor sette i gang tiltak som kan bidra til å auke det lokale diakonale engasjementet i kyrkjelydane. I tillegg bør det bli sett i verk tiltak som kan skaffe ressursar til oppretting av diakonstillingar i alle prosti. Slike tiltak kan til dømes være ei anna disponering av dei midlane bispedømmerådet sjølv rår over.»

Tiltak i plan for verksemda

Tiltak post ein: Omdisponere ressursar som bispedømmerådet sjølv rår over for å legge til rette for nye diakonstillingar.

Tiltak post to: Drive aktiv rådgjeving i kyrkjelydane og gjennomføre postvise kurs med fokus på diakoni og planlegging.

«Kyrkjens tilstandsrapport 2012» gjev ein indikasjon på kor mange i Agder og Telemark bispedøme som er med som friviljuge medarbeidar innan diakoni. Talet som kjem fram på side 80 i rapporten er 2555 personar, og seier mykje om kor stort diakonalt engasjement som finst. Det er også undersøkingar som talar om det positive samspelet mellom tilsette diakonar og talet på friviljuge i kyrkjelydane. I kyrkjelydar med tilsett diakon er talet på friviljuge større enn kyrkjelydar utan tilsett diakon eller diakoniarbeidar,

Styringsparameter:	Resultatmål	Indikatorar:
Diakoni	Diakonstillingar i alle prosti	Talet på diakonstillingar i bispedømmet
	10% auke i talet på kyrkjelydar som har vedteke godkjent diakoniplan	Talet på vedtekte diakoniplaner

og dei friviljuge blir betre tekne vare på.

Gjennom diakonien driv kyrkja førebyggjande arbeid og gjev menneske i krise hjelp i ei tidleg fase. Samhandlingsreforma ønskjer fleirfaglegheit. Den diakonale innsatsen kan vere ei viktig hjelp i denne reforma. Kyrkja sine tilsette og ikkje minst de mange friviljuge, er ein uvurderleg ressurs inn mot menneske som har behov for omsorg og støtte. Diakonane har i januar 2012 hatt fagsamling om mellom anna samhandlingsreforma og til dømes korleis Bærum kommune har teke ansvar her.

Av prostane sine årsrapportar går det fram at kyrkjelydane og kyrkjelege fellesråd ser det naudsynt med fleire statlege løyvingar til diakonstillingar. Dette for å sikre eksisterande stillingar som pr. i dag ikkje har statleg tilskot, og for å medverke til nye stillingar på område der det i dag ikkje er diakonal kompetanse., (jfr vedtak i Kyrkjemøtet i 2011)

Det blir gjort eit stort lokalt arbeid med finansiering av mange diakon- og diakoniarbeidarstillingar. Statistikken viser nær at 40% av finansieringa kjem frå kyrkjelydane. Mange av kyrkjelydane som

Oversikt over prosti	Årsverk	Personar	Fellesråd	Sokneråd	Stat
Domprostiet	5,8 årsverk	7	11 %	66 %	23 %
Mandal	1 årsverk	2	50 %		0
Lister	3,7 årsverk	5	35 %	30 %	45 %
Otredal	0,7 årsverk	1	43 %	43 %	12,5 %
Vest Nedenes	1,2 årsverk	2	40 %	60 %	0
Arendal	0,8 årsverk	2	0	50 %	50 %
Aust Nedenes	0 årsverk	0	0	0	0
Bamble	2,6 årsverk	5	13 %	54 %	33 %
Skien	5,5 årsverk	8	59 %	33 %	6 %
Aust Telemark	2,5 årsverk	4	50 %	25 %	25 %
Vest Telemark	1,8 årsverk	4	50 %	33 %	17 %
Summer	25,6 (22 diakonar)	40	40 %	38 %	22 %

Oversikten under viser stillingsressursar på diakoniområdet i bispedømmet. Han er utarbeidd i samarbeid med dei kyrkjelege fellesråda, Diakonforbundet og Agder og Telemark bispedøme. Dette mellom anna for å gje eit bilete av staa i prostia, og finansiering av stillingane.

Det er 25,6 årsverk og 40 personar tilsett i diakonale stillingar. Talet på stillingar held seg stabilt.

Vi opplever eit sterkt ønske i kyrkjelydane om å styrkje eksisterande og etablere nye stillingar som diakon og diakoniarbeidar.

finansierar diakonstillinga i stor grad på innsamla midlar, slit med å få budsjetta sine i land.

Fleire av diakonstillingane som har statleg refusjon vart starta som eit spleiselag mellom kommunar, kyrkjelydar og staten v/ bispedømmerådet. Stillingane med statleg tilskot er eit godt økonomisk tilbod til kommunar/fellesråd/sokn. Det er leit at til dømes Heddal kyrkjelyd i Notodden kommune ikkje klarer å føre vidare si diakonstilling til tross for inntil 50% statleg refusjon.

Vi ser at tilskot som i starten kom direkte



Berit Okkenhaug frå Sjelesorginstituttet deltok saman med LRS prestane i Agder og Telemark, representantar frå kommunale kriseteam, fagpersonar frå bispedømmekontoret (Foto: Dag A. Kvarstein)

prestar i bispedømmet, samt alle tilsette i kyrkjelege fellesråd i heile bispedømmet. Fire kurs blei gjennomførte med til saman over 350 til stades.

Målet var å gje kunnskap om kriser og krisehandtering. Berit Okkenhaug frå Sjelesorginstituttet deltok saman med LRS prestane i Agder og Telemark, representantar frå kommunale kriseteam, fagpersonar frå bispedømmekontoret og andre.

Level er eit prosjekt knytt til kommunikasjonskurs for å styrke samlivskompetansen for ungdom og par.

Level fekk i 2012 tildelt midlar frå BUF Dir. sentralt til evaluering av arbeidet. Agderforskning gjennomfører i desse dagar intervju med elevar frå vidaregåande skule om deira erfaring med Level 0 kurs.

Ti av dei femten kommunane i Vest Agder er LEVEL-kommunar. Gledelig nytt i 2012 er at både Lillesand og Grimstad i Aust Agder er blitt Level-kommunar, med eigne Level-team som organiserer kurs. Level har fått tilsagn om økonomisk stønad frå Aust-Agder fylkeskommune for første gang i 2012.

Level arbeider i nært fagleg samarbeid med Familievernkontora i Aust- og Vest-Agder. Det seier mykje om at Fylkeskommunen ser verdien i dette arbeidet. Level har tidlegare år motteke stønad frå Vest-Agder fylkeskommune.

frå kommunar som tydeleg øyremerka tilskot til diakonstillinga, over tid har gått inn i ein felles pott til fellesråda. Dette har fleire stadar ført til at den «kommunale» delen av finansieringa ikkje har halde tritt med løns- og prisvekst.

Agder og Telemark bispedømeråd har i 2012 vedteke å prioritere stilling som prostidiakon i Aust Nedenes prosti. Her er det omprioritert midlar. Målet er at stillinga vil starte opp hausten 2013.

Kristiansand kyrkjelege fellesråd arbeider aktivt med å auke talet på diakonstillingar. Dette er særleg retta mot samarbeid mellom kyrkje og institusjonar i forhold til «omsorg for det heile menneske». Tanken er å auke kyrkjeleg hjelp til institusjonane sine mål med å ivareta brukarane sine rett til eigen tros og livssynsuting jfr rundskriv frå Det Kongelige Helse- og omsorgsdepartement 1 – 6 / 2009.

Tanken er å gje meir kyrkjeleg hjelp slik at institusjonane kan nå sine mål om at alle brukarar skal ha rett til eigen trus- og livssynsutøving. (Jfr. Rundskriv frå Helse- og omsorgsdepartementet 1-6/2009).

Bispedømmet arbeider på ulike vis med å stimulere til god fagleg oppdatering av diakonar og diakoniarbeidarar i bispedømmet. Det er organisert prostivise faggrupper som samarbeider over kyrkjelydsgrenser, til dømes sorgarbeid.

I samarbeid med dei tillitsvalde arrangert det halvårlege fagsamlingar der aktuelle emne vert tekne opp.

Det er ikkje alltid lett å ha oversikt over kyrkjelydane sitt arbeid med diakoniplanar, eller korleis dei har inkorporert den



Dagfinn Ullestad og Berit Okkenhaug (Foto: Dag A. Kvarstein)

diakonale satsinga i sine overordna kyrkjelydsplanar. Det er likevel enklare no når kyrkjelydane i sine årsrapportar skal rapportere om dei har diakoniplan. I motsetnad til reglane for trusopplæring, er det ikkje krav om at kyrkjelydane skal ha diakoniplan, heller ikkje at planen er oppdatert dei siste åra.

Nokre kyrkjelydar vel ikkje å ha diakoniplan, men å ha det diakonale aspekt vevd inn i ein sentral kyrkjelydsplan. Vi ser likevel ein fin liten auke i talet på diakoniplanar frå kyrkjelydane. Samstundes er det framleis ei klår satsing hjå oss om å auke dette talet.

«Rørt, rammet og rystet» var fagdagar for



3.6. Kultur



Wolfgang Plagge og Harald Olsen sammen om musikalsk verk for St. Ragnvald i Fjære kirke. (Foto: Stein Harald Oigaard/Agderposten)

I Kyrkerådet sitt brev om mål og styringsparameter for kapittel 1.590, Kyrkjeleg administrasjon, er måla for kulturområdet 2012 utforma slik:

Styringsparameter	Resultatmål	Indikatorar:
Kyrkja si rolle som kulturformidlar	Initiere samarbeid mellom kyrkja og kulturlivet elles.	Talet på tilskott til kulturprosjekt i kyrkjelydane
	Bygge kyrkjeleg kulturkompetanse og formidle spisskompetanse vidare	Talet på deltakarar på kompetansehevande kurs
		Talet på nye samarbeidstiltak

Mål for området

I plan for verksemda for 2012 har bispedømmerådet peika på følgjande tiltak for kulturområdet:

Tiltak post ein: Samarbeide med det lokale kulturlivet om planar for grunnlovsjubileet i 2014.

Andre tiltak: Arbeide med ei samordna satsing på pilegrimsarbeidet i bispedømmet og nasjonalt.

Igangsetting av rapportering på utleie av kyrkjer til kulturarrangement med eksterne arrangørar.

Omtalen av kulturområdet for 2012 tek utgangspunkt i måla for kulturområdet slik dei er gjevne i brev frå kyrkerådet av 01.07.2011, og som skulle gjelde for ein femårsperiode. Her har måla slik utforming:

Med forankring i KM 07/2005 Kunsten å vere kyrke, skal kunst- og kultursatsinga sjå til at kulturkompetansen i kyrkjelydane og kyrkja si koordinerande rolle blir styrka, og spisskompetansen utvikla i bispedøma.

Målet er å oppnå både breidde og auke i kulturverksemda i kyrkjelydane, og at Den norske kyrkja står fram som ein attraktiv og profesjonell aktør i norsk kulturliv innanfor alle kunstnariske uttrykksformer.

Agder og Telemark bispedøme sin årsrapport på kulturfeltet for 2012 syner noko lågare tal og resultat enn for 2009, 2010 og 2011 sidan kulturrådgjevar var sjukemeldt i fire månader våren 2012. Kulturrådgjevar var deretter i uløna permisjon i to månader hausten 2012, for

eige faglitterært arbeid (NFF), forskning og fagleg oppdatering innan visuell kunst, ei kompetanseheving som òg kjem arbeidet innan kulturfeltet i bispedømmet til gode.

1. Auke og fremje brei kyrkjeleg kulturkompetanse

Det er sendt 30 søknader om tilskott til kulturprosjekt i kyrkjelydane, og 21 er gitt tilsegn om tilskott.



Fem trombonistar i tingingsverket Blue Sky Wide Cliffs støtta av Norsk Kulturåd. Fra v. Malin Jørgenvåg, Ask Benham, Martine Pearson, Solveig Åmdal og Jens Brunvatne. Foto Martin Pearson.

Nokre døme på fremjing av brei kyrkjeleg kulturkompetanse:

Arrangør/utøvar	Namn på tiltaket	Institusjon	Tilsegn
Fjære sokn			
	St. Ragnvalds dagar	Norsk Kulturråd	40 000
		Aust-Agder fylke	30 000
		Grimstad kommune	20 000
Kristiansand domkyrkje sokn			
	Forprosjekt for domkyrkjekjellar til kulturformål	Sparebanken Sør	150 000
		Kristiansand kommune	15 000
		Vest-Agder fylke	15 000
Agder og Telemark bispedøme			
	Dialogprosjekt på trus- og livssynsområdet	Kulturdepartementet	50 000

Vurdering av resultat:

Samla sett er overføringa av offentlege midlar til kulturtiltak i kyrkja frå lokal, fylkeskommunal og statleg sektor 3 millionar kroner sidan oppretting av kulturrådgjevarstillinga hausten 2009. Sokna tar kontakt for rådgjeving rundt søknadsprosessar, og det er ei positiv utvikling. Ein må framleis stimulere til at det for aktivitet på kyrkjemusikkfeltet, blir søkt midlar frå nasjonale tilskotsordningar.

2. Byggje og utvikle kyrkjeleg kulturkompetanse

Det har vore 5 kompetansehevande med tilsaman 137 deltakarar.

Eit døme:

Arrangør : Agder og Telemark bispedømeråd i samarbeid med Kyrkjevjerlaget. Tilskot frå KA.

Namn på kurset: For kyrkjemusikarar: Korleis skaffa pengar og bevare sin sjel? Ved direktør i Den norske Opera og Ballett, Tom Remlov

Deltakarar: 36

Vurdering av resultat:

Ein styrkar tiltaka for kyrkjemusikarane då dei er nøkkelpersonar i arbeidet med å byggje kyrkjeleg kulturkompetanse i nær relasjon til offentleg sektor. Dei er kyrkjas musikalske og kunstnarlege leiingar.

3. Utvikle og vidareformidle spisskompetanse

Ungdom:

Det har vore 5 tiltak, derav eit tingingsverk av ein islandsk komponist, Ulvar Ingi

Haraldsson, for og med ungdom, «Blue sky - wide cliffs» for orgel og trombone. Utøvarar: kantor Martin Pearson og fem trombonistar frå Randesund skolemusikk. Verket blei fullfinansiert av Norsk kulturråd, 75 000 kroner. Urframført i Søm kyrkje under Stiftsdagar 2012.

Vurdering av resultat:

Føremålet var å vise korleis ungdom kan ta del i kantors musikalske arbeid i kyrkjelyden gjennom ny musikk og andre instrument enn orgel. Bakgrunnen for tiltaket er vedtekne føringar nasjonalt for rekrutteringsarbeid til kyrkjemusikaryrket

. Det er etablert samarbeidsprosjekt med Island for framføring av verket også der, med same musikalske arrangement og instrumentar. Slik kan bispedøme og dokumentere eit nordisk samarbeid.

Utviklingshemma:

Rådgjeving til eige og andre bispedøme generelt om tilrettelagte tiltak og søknadsprosessar. Tilrettelagte tiltak i «Kristuskranen» i Bamble og Nenset og Gulset sokn.

4. Initiativ til samarbeid mellom kyrkja og kulturlivet elles

Det har vore 24 nye samarbeidstiltak som tabellen nederst viser dømer på.

Vurdering av resultat:

Det er kome til nye samarbeidspartnarar innan dei ulike områda av kulturfeltet, både frå kyrkja og offentleg sektor si side.

Dømer på samarbeid mellom kyrkja og kulturlivet elles		
Initiativtatar	Tiltak	Samarbeidspart
Kyrkjerådet	Komite for visuell kunst	Agder og Telemark bispedømeråd
Kilden teater og konserthus	Medlem av referansegruppe for Sacra Art Festival i Kilden	Agder og Telemark bispedømeråd
Agder og Telemark bispedømeråd	Konferanse om finansiering av kunst- og kulturtiltak	Den norske opera og ballett, ved direktør Tom Remlov
Sanden Media	Formidlingsopplegg; film og samtale. Tema: Sorg.	Agder og Telemark bispedømeråd Kyrkelydane Forfattar Gaute Heivoll
Agder og Telemark bispedømeråd	Pilegrim, regionale og nasjonale tiltak	Religionsforskar Harald Olsen (Uia), bispedøma og Kyrkjerådet.
Agder og Telemark bispedømeråd	Konsulenthjelp og samarbeid KORO, jfr. Stortingsmelding 23 Visuell kunst	Agder Kunstnersenter

3.7. Arbeid med å stimulere til økt samarbeid mellom kyrkjelydane og mellom de ulike forvaltningsnivåa i kyrkja.

Mål for området.		
Styringsparameter	Resultatmål	Indikatorar:
Lokalt forsøks- og utviklings-arbeid	Omfang av forsøk og utviklingsarbeid	1) Talet på fellesråd som deltek i samarbeid på tvers av sokne-kommunegrenser 2) Sokn som deltar i forsøk med felles sokneråd
Demokratiutvikling	Legge til rette for økt deltaking og styrking av det kyrkjelege demokratiet	Talet på deltakarar på kurs for valde medlemmer av kyrkjelege råd

I Agder og Telemark bispedømme er det for tida ingen samarbeidsprosjekt mellom fellesråd etter forsøksføresegna i Kyrkelova § 5. Dei siste åra har det vore 2 slike prosjekt, eit i Aust-Nedenes prosti og eit i Aust-Telemark prosti. Begge prosjekta er avslutta utan at det er etablert varige samarbeidstiltak mellom fellesråda med utgangspunkt i forsøka.

Det har derimot vore fleire forsøk med felles sokneråd for to eller fleire sokn. Med unntak av eit prosjekt som framleis held fram, har desse forsøka endt opp med permanent samanslåing av dei aktuelle sokna. Agder og Telemark bispedømme har mange sokn, og det har sidan 2001 vore eit ynskje om å redusere talet. Etter at utredninga om kyrkjeleg inndeling i bispedømmet blei fremma i 2001 har det totale talet på sokn blitt redusert med 16. I same periode er det oppretta eit nytt sokn. Dette går fram av tabell 3.7.2.

Stiftsdirektøren er stadig i møte med sokneråd som er opptekne av så sjå på soknestrutturen og ein går ut fra at det blir sett i gong nye forsøk med felles sokneråd også i 2013.

Dette er eit særers vanskeleg saksområde. Når det gjeld samanslåing av sokn og forsøk med felles sokneråd, verkar det som om dess mindre eit sokn er, dess meir viktig er det å oppretthalde soknet.

Tek ein distriktpolitiske omsyn, er det lett å forstå, men når det gjeld effektiv drift, ville kyrkja hatt større moglgheit med større og færre sokn.

Vi har fleire gonger opplevd at sokneråda kjem kort tid før kyrkjevalet og ynskjer samanslåing fordi det ikkje er mogleg å få nok kandidatar til å stå på vallistene til soknerådsvalet.

Ein kan håpe på at samarbeid på tvers av sokn og fellesråd i høve til trusopp-læring, vil opne vegen for forpliktande samarbeid. Til dømes melde prostane både i Mandal og i Lister at kyrkjelydane

i prostiet har starta arbeidet med å nå fram til eit felles opplegg for konfirman-tane. Noko tilsvarande er og i gang i Aust-Telemark.

Tabell 3.7.1 Samarbeid over soknegrenser - forsøk med felles sokn

Prosti	2006	2008	2010	2012
Arendal	2	2		
Aust-Telemark	4	6	4	2
SUM	6	8	4	2

Tabell 3.7.2 Samanslåing av sokn

	2000	2002	2006	2010	2012	2012
Prosti	Sum sokn	Endring	Endring	Endring	Endring	Sum sokn
Domprostiet	12					12
Lister	18		-1	-1		16
Mandal	15					15
Otreidal	11		-1		-1	9
Vest-Nedenes	9					9
Arendal	10			-1		9
Aust-Nedenes	10		-1			9
Bamble prosti	11			1		12
Skien prosti	16		-2			14
Aust-Telemark	19	-1			-2	16
Vest-Telemark	21	-3	-1	-1	-1	15
SUM	152	-4	-6	-2	-4	136



Bispedømmet sine rådgjeverar utarbeidde kursopplegget "Håndtrykk" for sokneråda. (Foto: Dag Kvarstein)

Prosjektet for kyrkjelydsutvikling i samarbeid med MF

Agder og Telemark bispedømmeråd gjorde i 2011 ein avtale om samarbeid med MF om eit 3-årig prosjekt, «Menighetsutvikling i folkekirka», i Skien prosti. Fire kyrkjelydar, Brevik, Borgestad, Gjerpen og Siljan deltek. Prosten i Skien skriv om prosjektet: «Det er for tidlig å vurdere resultatene av prosjektet inn mot befolkningen, men så langt virker prosjektene å ha stor betydning for hvordan de involverte i menigheten tenker og jobber strategisk. Prosjektet, som er i regi av Menighetsfakultetet, gir gode verktøy til å jobbe historisk, systematisk og strategisk med menighetsutvikling»

Tiltak post 2: Gjennomføre kurs for nye soknerådsmedlemmer i alle prosti.

Vinteren 2012 vart det halde kurs for sokneråda i alle dei 11 prostia i bispedømmet. Det såkalla «håndtrykks-kurset» var eit tverrfagleg opplegg knytt til Kyrkjelova § 9, «Soknerådets oppgåver». Alle fagområde på bispedømmekontoret si kyrkjelivsavdeling var representerte og vart presenterte.

I ei tid med mange reformer og mykje planarbeid var målet at sokneråda skulle sjå dei mange planane og reformane under eitt, slik fingrane heng saman med handa. Med tommelen som bilde på diakoni, pekefinger lik misjon og kyrkjevekst, langfinger lik kyrkje, kunst og kultur,

ringfinger lik trosopplæring, lillefinger lik inkluderande gudstenesteliv - og heile handflata som gudsteneste og bøn, fekk sokneråd og tilsette i kyrkjelydane eit oversyn dei viktigaste arbeidsområda i lokalkyrkja. Dei fekk tips om korleis dei kunne sjå arbeidet i ein samanheng og korleis dette kunne arbeidast inn i gudstenesta. I tillegg fekk alle ei handbok til vidare studium. Det var til saman 623 framfmøtte på kursa. Det kom veldig gode tilbakemeldingar frå deltakarane.

Bispedømmekontoret har tatt imot bestillingar frå andre bispedømer på heftet som blei laga til soknerådskursa.



3.8 Andre område

3.8.1 Integrering

Integrering og trusopplæring:

Det har vore auka satsing på samarbeid mellom tilrettelagde tiltak og lokal trusopplæring. Både ved at ein ser etter at desse tiltaka vert tatt inn i dei lokale trusopplæringsplanane og gjennom samtalar, kurs/seminar, møter og brosjyrer. Vi har og jobba med eit nasjonalt hefte om trusopplæring for alle, men dette har kome inn i ein departemental limbo og blir forseinka.

Rettt til eiga trusutøving:

Vegen frå skriftlege rettar og ned til dei som er spesielt nemt i det departementale rundskrivet frå 2009, har vist seg å vere lang. Når ein rett skal igjennom mange ledd før den når fram til dei det gjeld, er risikoen for stopp undervegs stor. Til tross for fleire forsøk m.a. på samarbeid med høgskule/universitet og gjennomføring av lokale kurs, har vi ikkje kome lengre enn til prate- og planleggingsstadiet. Det også er skuffande få tros- og livssynssamfunn som har grepe denne sjansen for å sørge for å sikre ei reell trosutøving for sine medlemmer. Med bla. denne bakgrunnen har det i 2012 vore jobba med å lage eit kursopplegg for menneske med utviklingshemning der dei sjølve vert eigne advokatar for denne retten. Dette vert ferdig i 2013 og det vert spanande å sjå kva det vil bety.

Universell forkynning:

Bok nr. 2 i serien om kyrkjeårets fortellingstekstar vart utgjeve i 2012, igjen med god medverknad frå vårt bispedømme. Det er utarbeid eit kursopplegg til desse bøkene utan at det har førd til den store responsen så langt. Men modellen for universell forkynning har vore vidareførd i fleire kyrkjelydar der det er tilrettelagde tiltak

Tilrettelagde tiltak:

Det er 16 tilrettelagde tiltak i Agder og Telemark bispedømme som har samling kvar månad eller oftare. Dette er same talet som året før. Det arbeidast for å auke antalet, men det tek tid. Dei fleste tiltaka har svært god oppslutning og høg aktivitet og er livsnerven for integrering i kyrkjelyden..



Tro- og Lysgudstjeneste Vestre Moland (Foto: Einar Sand).

Integrering og kultur:

I samarbeid med bispedømerådet sin integreringsrådgjevar, har Hanne Mathiassen gjeve ut bok nr. 2 dette året. Hennar første diktbok, «En bok om livet» kom i 1996 og er seld i 2000 eksemplalar. Bok nr. 2, «Stille Gater», vil framover bli presentert av forfattaren sjølv både i og utanfor bispedømmet i samarbeid med integreringsrådgjevar og/eller organisten i Gulset, Odd Jakobsen. Hanne har mange oppdrag og er den beste ambassadør

vi har i vårt bispedømme for å la folk få sjå mennesket bak utviklingshemninga. Og utan at ein ser mennesket, kjem ein aldri vidare.

3.8.2 Misjon

Misjon og dialog

Sentralt for arbeid med misjon i bispedømmet, er misjonsavtaler. Tabellen nedanfor viser tal på misjonsavtaler i 2012, og 2011. 93 % av alle kyrkjelydane i bispedømmet har misjonsavtale. 8 kyrkjelydar har avtale med meir enn ein organisasjon. 14 kyrkjelydar i bispedømmet har med andre organisasjonar enn dei som er med i Samarbeidet menighet og misjon (SMM). SMM-organisasjonane er NMS, Normisjon, Israelsmisjonen, Himalpartnar, Areopagos, Misjonsalliansen og Stefanusalliansen.

I 2012 har Skien prosti vore eit satsingsområde når det gjeld å auke talet på misjonsavtaler. Frå å ha ei dekning på ca 60 % på avtaler i 2011, er dei nå på ca. 79 %

Ei viktig oppgåve er å oppmuntre kyrkjelydane til å bruke misjonsavtalen aktivt i sitt arbeid. Dette er ein ståande utfordring. Det siste året ser ein positive trekk her. Misjon blei synleggjort på ein naturleg måte på soknerådskursa som vart haldne i dei ulike prostia våren 2012. Det har òg vore positivt at misjon var hovud sak på Kyrkjemøtet i 2012.

Misjon har ein viktig plass i kyrkjelyden sin trosopplæringsplan. Misjonsrådgjevar deltek aktivt i trusopplæringsarbeidet på bispedømmekontoret og har vore rådgjevar på å godkjenne avtalane. Dette fører til at misjon blir ein integrert del av trusopplæringsplanen.

I 2012 har misjonsrådgjevar i samarbeid med kulturrådgjevar gjennomført to seminar om interkulturell dialog. Målet har vore å dele med kyrkjelydane den kunnskapen og kompetansen som finnest i bispedømmet på dette fagområdet. Vi valgte representantar frå ein kyrkjelyd og kommune som kunne vise til gode resultat innanfor dette fagfeltet. Sokneprest Stein Reinertsen frå Farsund kyrkjelyd og kulturkonsulent Tone Svalastog Garnes frå Vinje kommune var foredragshaldar på begge seminare med til saman 45 deltakarar. Vi ynskjer å vidareføre dette satsingsområdet i bispedømmet, og fekk mot slutten av 2012 kr. 50 000,- frå Kulturdepartementet til eit planlagt prosjekt i Mandal prosti.



Biskop Danladi fra vår vennskapskyrkje i Kamerun vitja bispedømme saman med kone og den minste ungen. Frå venstre: Biskop emeritus Olav Skjevesland, Biskop Danladi, misjonsrådgjevar Svein Arve Egeland, fru Danladi med deira minste born på armen og stiftsdirektør Tormod Stene Hansen (Foto: Geir Myre)

Misjonsavtaler i bispedømmet

Prosti	Sokn	Avtalar 2012	Avtalar 2011
Domprostiet	12	13	15
Mandal	15	15	14
Lister	16	17	16
Otredal	9	8	8
Vest-Nedenes	9	9	8
Arendal	9	8	8
Aust-Nedenes	9	7	8
Bamble	12	8	9
Skien	14	11	8
Aust-Telemark	16	14	14
Vest-Telemark	15	16	16
Agder og Telemark bispedømme	136	126	124

Internasjonal kyrkjelyd i Kristiansand (KIC).

KIC blei avslutta som prosjekt i 2012, og er no over i ordinær drift. Det er sikra permanent drift til 100 % prestestilling gjennom ei fast tilskuddsordning frå Kristiansand kommune. Ein har vedteke ikkje å etablere ein eigen kyrkjelyd, men primært integrere dei framandkulturelle i dei ordinære kyrkjelydane i byen. Presten vil ha heile domprostiet som tenestestad, men vere organisatorisk knytt til Domkyrkja.

KIA

Agder og Telemark bispedømme er medlem av Kristent Inter kulturelt Arbeid (KIA).

KIA jobbar for meir fleirkulturelt fellesskap, for likeverd, omsorg og vennskap mellom alle menneskje i Norge, uansett kulturbakgrunn, språk eller religion.

KIA har avdeling i Kristiansand, Skien, Lyngdal, Mandal, Grimstad og Arendal. I 2012 blei KIA Agder og Telemark slått saman til ein region, KIA Sør.

Der er mange døme på godt samarbeid mellom KIA og lokale kyrkjelydar. Her nemner ein berre Skien kyrkjelyd. Frå 2012 har dei til dømes arrangementet «Verdsmiddag».

3.8.3 Forbruk, rettferd og miljø

Nedanfor fylgjer oversikt over Miljøfyrtårn/Grøne kyrkjelydar.

Som tabellen viser, går arbeidet smått framover. Det er ein liten auke i talet

er sagt, arbeider mange av kyrkjelydane seriøst med forbruk, rettferd og miljø. Men dei har ikkje hatt verken midlar eller arbeidskapasitet til å sette i system det krevjande opplegget som følger med til dømes «grøn kyrkjelyd».

	Miljøfyrtårn – Fellesråd	Miljøfyrtårn – kyrkjelyd	Miljøfyrtårn Bispedømeokr.	Antall «Grøne kyrkjelydar»
2011	2	7	1	8
2012	3	7	1	10

Bispedømerådet har ei ressursgruppe som jobbar med «Forbruk, miljø og rettferd». Grappa har møttest regelmessig gjennom året og har utarbeida ein handlingsplan på bakgrunn av KM 4/07.

I grappa deltek representantar frå prostane, kyrkjevevjerene, Kirkens Nødhjelp, Stiftsdirektør, diakonirådgjevar og misjonsrådgjevar.

på kyrkjelydar eller fellesråd som tek på seg eit forpliktande ansvar som er knytt opp mot Miljøfyrtårn og Grøne kyrkjelydar. Sjølv om 2012 har vore eit år med ekstremt store krav til mange kyrkjelydar når det oppgåver knytt til reformer og andre planprosessar, må ein erkjenne at ein har ikkje nådd måla for 2012. Eit nytt Miljøfellesråd og ein ny Grøn kyrkjelyd, er ikkje bra nok. Når det

Ei viktig sak i 2012 har vore «Forslag om oljetjende». Saka var reist frå ein av medlemmane i bispedømerådet. Bakgrunnen er eit ynskje om at kyrkja på ein tydelegare måte, må våge å utfordre dei politiske styresmaktene til å la ein større del av oljefondet kome verda sine fattige til gode. Denne saka er sendt over til kyrkjerådet til vidare handsaming, og kjem opp på kyrkjemøtet i 2013.



Kyrkjerådet si Hustavle med bildet "Skapelsen" måla av Håkon Bleken. Tekst av Finn Wagle og Eivind Skeie.

3.8.4 Pilegrimsarbeid



Frå vandringa mellom Hovden og Røldal (Foto: Dag A. Kvarstein)

Dei ti siste åra har pilegrimsvandringar i Agder og Telemark bispedøme blitt tekne opp att. Hovudvandringane går frå Vest-Telemark og Hovden, begge til Røldal stavkyrkje. Røldal er historisk sett eit av Noregs viktigaste pilegrimsmål etter Nidarosdomen. Folk gjekk pilgrim til Røldal frå mellomalderen av og heilt til 1835.

Fleire stader i Agder og Telemark er det også lokale pilegrimsvandringar, gjerne med utgangspunkt i kyrkja på staden. Bispedømet har førebels ikkje involvert seg direkte i pilegrimsferder sjøvegen, men dette er eit arbeid vårt nabobispedøme Stavanger satsar på.

Den fire dagar lange vandringa mellom Hovden og Røldal i byrjinga av juli 2012 samla 23 deltakarar. I tillegg var det med 20 dagsvandrarar den siste dagen. På den ni dagar lange vandringa frå Vest-Telemark til Røldal var det ca. 30 deltaktarar.

I tillegg til vandringane i byrjinga av juli, har prostidiakonen i Vest-Telemark dei siste åra stått bak 5-dagarsvandringa frå Grunge til Røldal i august, «Å vandre med håp». I 2012 var det rundt 20 personar som gjekk heile vegen, men mange fleire som var med på ein del av vandringa. Vandringa er eit samarbeid mellom prostidiakonen og det offentlege psykiske helsevernet. Prostidiakonen i Vest-Telemark var òg ein av initiativtakarane bak «Vandring i opent landskap» i

september 2012. Dette var ei helgesamling for etterlatne etter sjølv mord, med vandring langs den gamle pilegrimsvegen over Haukelifjell til Røldal stavkyrkje. 15 personar deltok der.

21. november i 2012 vart det halde eit samrådsmøte i regi av Pilegrimsvegen til Røldal, med representantar for fleire kommunar på begge sider av Haukelifjell, med lokale sogelag, sokneråd, representantar for Agder og Telemark bispedøme, Bjørgvin bispedøme og Telemark fylkeskommune. Har vart ein samde om ei deling av ansvaret:

1. Fylkeskommunen og kommunane langs pilegrimsvegen skal ta seg av merking og vedlikehald av vegen (infrastrukturen).

2. Organisasjonen Pilegrimsvegen til Røldal (historielag og kyrkjelydar) skal stå for vandringa, (aktiviteten), og elles gje praktisk hjelp. Vandringa er her den årlege hovudvandringa ved jonsoktid. Også andre kan arrangere vandringar.

Spørsmålet om å engasjere ein prest eller ein annan kyrkjeleg pilegrimsleiar når Eilev Erikstein no takkar av som vandringsleiar, kom òg opp på møtet. Fyresdal-prest Bjørn Nome er no spurt om å ta på seg denne oppgåva, og er positiv til det. Når det gjeld Hovden-Røldal er Terje Seilskjær positiv til å stille som pilegrimsprest òg i 2013. Økonomisk dreier seg om at bispedømet stiller ein tilsett til disposisjon den veka pilegrimsvandringa går, og elles sørgjer for vikarmidlar til einsildtenester i den tilsette sitt fråvere.



4 Forvaltning

4.1 Økonomisk resultat


4.1.1 Rekneskapen for kapitla 1590/4590 Kyrkjeleg administrasjon og 1591/4591 Presteskapet

Rekneskapen for bispedømmerådet omhandlar kapitel 1590/4590 Kyrkjeleg administrasjon og kapitel 1591/4591 Presteskapet, og oversikta nedanfor viser resultatutviklinga for perioden 2003 – 2012.

Kapitel 1590/4590 Kyrkjeleg administrasjon har gjennom heile perioden hatt eit mindreforbruk i høve til tildelinga frå kyrkjedepartementet. For kapitel 1591/4590 Presteskapet viser oversikta at det i starten av perioden vert nytta meir enn den årlege tildelinga. I 2004 vart det sett inn tiltak som gav innsparande effekt i påfølgjande år. Desse reservane er nytta til å oppretthalde aktivitetsnivået trass i reduserte tildelingar dei siste åra. I 2010 viste rekneskapen igjen eit meirforbruk, og det vart derfor sett i verk nye innsparingstiltak for 2011 og vidare. Det betydelege mindreforbruket i 2012 kjem av ekstra løyvingar til to prosjekt som strekkjer ser over fleire år, og der aktiviteten i prosjekta vil auke i 2013 og 2014.

Kapitel 1590/4590 Kyrkjeleg administrasjon, utanom tilskottspostar, viser eit netto forbruk i 2012 på kr 12 351 000. Dette er eit mindreforbruk på kr 303 000 i høve til tildelinga for året. Mindreforbruket kjem mellom anna av at det etter første halvår vart avdekka trong for innsparingar for å unngå meirforbruk i høve til tildelinga for året. Innsparingstiltaka vart sett i verk for andre halvår ved at ei stilling vart halden vakant nokre månadar, samt at det på bakgrunn av søknad vart gjeven to månadar permisjon utan lønn for ein annan tilsett.

Kapitel 1591/4591 Presteskapet, viser eit netto forbruk på kr 84 744 000. Dette er eit mindreforbruk på kr 1 609 000 i høve til tildelinga for året. Mindreforbruket kjem av at det ikkje fullt ut innan budsjettperioden er nytta særskilte løyvingar til eit Livsfaseprosjekt (rest unytta i 2012 kr



	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
1590/4590 Administrasjon	82	121	177	478	170	372	276	212	450	303
1591/4591 Presteskapet	-521	-755	608	2 290	1 889	975	225	-505	411	1 609

231 000) og til eit Rekrutteringsprosjekt (rest unytta i 2012 kr 307 000). Desse prosjekta held fram i 2013 og 2014, og dei unytta midlane er søkt overførte tilsvarande i samband med avslutning av rekneskapen for 2012. I tillegg vart det budsjettert ein post på kr 289 000 der kostnaden, på grunn av overgang til ny standard kontoplan, ikkje vert bokført før i januar 2013.

4.1.2. Prosjektrekneskap

Det vart forvalta eigne prosjektmidlar på til saman kr 2 305 000. For kvart prosjekt gjeld kravet om at alle utgifter skal bli dekte inn med tilsvarande inntekter. Dei prosjekta som inngår i denne posten er mellom anna «LEVEL» (samlevingsprosjekt) kr 755 000, «SMM» (samarbeid om menighet og misjon) kr 502 000, «Ungdomsting/Ungdomsråd» kr 61 000, «Ungdomsrådgjevar» kr 519 000 og Roadservice (landsdekkande team for konfirmantundervisning) kr 138 000.

Inntekter til prosjekta kjem av eigenbetalingar, stønad frå samarbeidspartar og innsamla midlar frå kyrkjelydane i bispedømmet.

4.1.3. Tilskottsforvaltning

Det vart forvalta eigne tilskottsmidlar til kateketar, diakonar og kyrkjemusikk. Samla tilskott utgjorde kr 11 036 000, og desse tildelingane vart uavkorta fordelte i samsvar med retningsliner gjevne av departementet.

Det var forvalta eigne tilskottmidlar til markering av ettårsdagen etter 22/7-2011. Samla tilskott utgjorde kr 20 000, og vart uavkorta overført i samsvar med retningsliner gjevne av departementet.

Det vart forvalta eigne tilskottmidlar til trusopplæring. Samla tilskott utgjorde kr 17 904 000, og desse tildelingane vart uavkorta fordelte i samsvar med retningsliner gjevne av departementet.

Ved utgangen av 2012 har 7 av 11 prosti fått tildelt trusopplæringsmidlar, men framleis ventar Arendal prosti, Lister prosti, Otredal prosti og Vest-Telemark prosti på tildeling.

4.1.4 Risikovurderingar

Bispedømmerådet har utarbeidd verksemdsplan for 2012. Denne planen formulerer mål for verksemda, og tek utgangspunkt i dei mål, styringsparameter og resultatindikatorar som kjem fram i tildelingsbrevet frå departementet, samt dei styringsparameter og resultatindikatorar som vart utarbeida av Kyrkjerådet. Det ligg føre ei risikovurdering av dei mål som er innarbeida i verksemdsplanen.

I samband med revisjon av rekneskapen for 2010, vert det gjennomført ei vurdering av risiko for misleghald i økonomifunksjonen. Vi meiner at dei rutinar og interne kontrollfunksjonar som er innarbeida på økonomiområdet, førar til ei forsvarleg økonomihandsaming i verksemda.

Ved innkjøp vert gjeldande reglar om offentlege anskaffingar nytta, og anskaffingsprotokoll ligg føre. Det er ikkje gjort investeringar i 2012 som førar til bokføringar i kapitalrekneskapen (dvs. alle investeringar er utgiftsførte som vist i tildelinga til dei ulike kapitla og/eller etter retningslinjer gjevne i statens reglement for økonomistyring).

Månadleg rekneskapsrapport, avviksrapport i høve til budsjett, samt kommentarar, vart lagt fram til kvart møte i bispedømmerådet. Dermed får bispedømmerådet god kontroll, og godt grunnlag ved eventuell trong for endring i budsjett disponeringa gjennom året. Resultat av jamn og tett rapportering på økonomiområdet, er god styring og utvikling mot eit rekneskapsresultat i balanse.

4.2 Godkjenningssaker etter kyrkelova, bygningslova og gravferdslova.



Ved bruk av glas som veggskille, fekk ein etablert eit rom under galleriet i Barbu kyrkje som kan nyttas til barnesamlingar under gudstenesta, soknerådsmøter o.a. Samstundes tar ein vare på den opne arkitekturen i kyrkja. Same løysninga blei og brukt i Tvedestrand kyrkje. (Foto: Dag A. Kvarstein)

4.2.1. Kyrkjebygg

Talet på saker (innkomne og utgåande) held seg nokolunde stabilt. Utviklinga i tal på saker er omvendt frå i fjor, med ein auke på utgåande og reduksjon på innkomande. Mengd av inngåande dokument fortel noko om kor mange saker ein får til behandling, men kan vere noko missvisande då det kan vere mange eller få registreringar til same saken om dokumenta vert sendt i fleire bolkar.

Vi har merka korleis det store talet på godkjenningssaker i samband med gudstnestereforma, har pressa kapasiteten på kontoret, og på den måten skapt ringvirkningar for vår handsaming av godkjenningssaker for kyrkjebygg og gravplassar.

Grunna biskopens avgang summaren 2012, var biskopen kun på ein visitas dette året. Visitasen til Vinje var i januar, men synfaringa var gjort før snøen kom, i oktober 2011. Biskopens sakshandsamarar i kyrkjesaker har vore på 7 synfaringar i samband med enkeltsaker. Vi har og delteke på to samlingar i samband med gjenoppbygginga av Porsgrunn Østre kirke. Vi vonar at reguleringsplanen blir sendt ut på høyring våren 2013. Bispedømet har sendt inn sine kommentarar til forslag til romprogram.

Ein merker seg fortsatt ein jamn pågang av saker knytt til projektor og lerret. Nokre går òg for løysningar med flatskjermar

og utviding av korpartiet. Det siste vert søkt løyst anten med å ta bort benkar og nytte golvet framføre koret eller ved å byggje ut korpartiet.

Andre stader ønskjer kyrkjelyden å byggje kyrkjelydshus i nærleiken kyrkja. Slike bygg gjev plass for både andre samlingar, og ei mangfall av aktiviteter for alle aldrar. Men slike bygg påfører kyrkjelydane store økonomiske bører, både med omsyn til bygging og framtidig vedlikehald. Mindre kyrkjelyder har ikkje ressursar til å reise slike bygg. Her må ein bruke den kyrkja ein har.

Arbeidet i kyrkjelydane med å gjere kyrkjene tilgjengeleg for folk med rullestol held fram, men er ofte krevjande og fører til ei saksgang over lang tid. Kyrkjer frå middelalderen gjev ofte særskilde utfordringar, når ein skal forsøkje å få til gode løysningar. Samstundes som ein må taka omsyn til vern om våre kulturminner, må det vere eit mål at alle hovudkyrkjene er tilgjengeleg for alle. Arbeidet vil halde fram i 2013.

Energiøkonomisering

Fleire kyrkjer slit med oppvarming. Fyringsutgiftene vert store og kyrkja maktar ikkje å vere eit føregangseksempel innan miljøvern. Ei av kyrkjene (Tvedestrand) har fått installert varmpumpe i 2012. Ein er spent på dei erfaringar dette vil gje. Det er ei krevjande oppgave å få kulturvern, miljøvern og

økonomistyring til å gå hand i hand.

Bruk er ofte det beste vern for bygningar. Bygg som ikkje lenger fyller ein funksjon tapar ofte i kampen om midlar til vedlikehald. Men skal dei kunne brukast, må det vere ein balanse mellom vern og tilpassing til dagens bruk. Gudstenestefeiringa har utvikla seg ned igjennom historia, noko arkitekturen frå dei forskjellige epokane også speiler. Eldre kyrkjer har ikkje alltid det som krevjast av ei moderne forsamling. Men det er viktig at endringar som vert omsøkte held ein kvalitet slik at ein ikkje øydelegg kunnskapsverdien til bygget. Det kostar å leige inn gode arkitekter. Mange små kommunar, der slike kulturskattar ofte ligg, har ikkje midlar til dette. Ei ordning som kunne fordele midlar til arkitektar ville vere eit gode for å få til dei gode resultat.




Barbu kyrkje og Tvedestrand kyrkje har begge fått godkjend deling av kyrkjekipet med glasveggar under orgelgalleriet mot kyrkjekipet. Dette løyser kyrkjelyden sine behov for meir fleksibelt bruk av kyrkjerommet, samstundes som det i stor grad tek vare på rommet sin heilskap. Barbu har på dette viset og fått høvelege toalett som er tilpassa folk med rullestol.

4.2.2. Gravplassane

Den pensjonerte kyrkjegardskonsulenten har halde fram, eit år av gangen, noko som har sikra naudsynt tilgang til fagkompetanse fram til ny kyrkjegardskonsulent var på plass i 2012. Bispedømekontora er avhengig av å kunne konsultere ekspertise innanfor landskapsarkitektur ved etablering og endringar av kyrkjegardar. I tillegg har Kyrkjegardskonsulenten vore nytta til rådgjeving opp mot regleverket. Vi er derfor glade for at det vart oppretta ny stilling som rådgjevar i gravplassaker og tilsett ein landskapsarkitekt i 2012. Åse Skruvset starta opp i denne stillinga i oktober 2012, og vi ser fram til samarbeidet med henne.

Talet på saker handsama etter gravferdslova § 4 og 21 er som venta, om ein samanliknar med tala frå 2006 og framover.

Det er framleis fleire kommunar som ikkje har gode tilhøve for gravferd knytt til andre religionar, t.d. muslimske felt. Sporadisk får ein høyre om kyrkjevjerjer som etter Gravferdslova §



23 Forvaltningsansvar, samlar tros- og livsynssamfunn, men det finnes ikkje noko oversikt for bispedømet.

Nokre kommunar har få ledige gravplassar og treng snarlege utvidingar.

Arbeidet med nye føresegnar for gravferdslova vart avslutta etter ein høyringsrunde, der Agder og Telemark bispedøme òg sende si høyringsuttale hausten 2012. Fleire av endringane kan

få positive verknader for åra som kjem både når det gjeld relasjonen til andre religionar og den kommunale arealplanlegginga. Vi er mellom anna nøgde med at ein har framheva samvirke mellom fellesråd og kommune i regulering av nye areal til gravplassar.